



2016

# Årsmelding Tokke kommune



## INNHALD

<u>Innleiing.....</u>	<u>3</u>
<u>Politisk styring.....</u>	<u>5</u>
<u>Kommunens økonomi.....</u>	<u>6</u>
<u>Planområde 1 – Sentraladministrasjonen - NAV.....</u>	<u>144</u>
<u>Planområde 2 – Oppvekst.....</u>	<u>20</u>
<u>Planområde 3 – Helse og omsorg.....</u>	<u>28</u>
<u>Planområde 4 - Plan, næring og kultur.....</u>	<u>37</u>
<u>Planområde 5 - Teknisk.....</u>	<u>46</u>
<u>Vedlegg 1 - Førebelse Kostra-tal 2016.....</u>	<u>53</u>

Framsidedeilete: Rui og Bandak – Foto: Synne Aasland.

2016 har vore eit år prega av økonomiske utfordringar og store omstillingar, samt sett i gang arbeid med å sjå på interkommunalt samarbeid mellom kommunane i Vest-Telemark.

Ressursgjennomgangen frå Telemarksforskning har ligge til grunn for administrasjonens arbeid i heile 2016, det har vore arbeidd med mange konkrete framlegg og mykje blir vidareført i 2017. Kulturoppgåvene er flytt frå plan- og næringssetaten til oppvekstetaten og omorganiseringa blei sett i verk frå årsskiftet 2016/2017. Det har og vore arbeidd med samanslåing av plan- og næringssetaten og teknisk etat, men iverksettinga vil fyrst skje i 2017. Det er og sett i gong eit omfattande arbeid innan helse- og omsorgssektoren for å få kostnadsnivået ned. Dette er eit krevjande arbeid som me fyrst vil sjå resultat av i 2017.

Det har vore drøftingar med Vinje kommune for å endre dei økonomiske vilkåra i avtala om legevaktsamarbeidet.

Arbeidet med vilkårsrevisjonen held fram med langsame skritt og gjennom LVK held administrasjonen seg oppdatert på endringar i kraftpolitikken. Særs låge kraftprisar dei seinare åra gjer framleis kommuneøkonomien vanskeleg fordi driftsnivået i stor grad har vore tufta på auke i desse inntektene. I samband med budsjettarbeidet for 2017 synte nye opplysningar om eigedomsskattegrunnlaget på kraftanlegga at budsjettet for inntekter frå eigedomsskatt i 2017 måtte reduserast med ytterlegare kr 4,5 mill. Dette gjer at større innsparingar må gjerast for å dekkje opp mindre inntekter. Men for 2016 blei kraftinntektene isolert sett betre enn budsjettet på grunn av ei auke av inntektene på slutten av 2016. Dette saman med at kommunen har vist stor varsemnd i bruk av pengar gjer at det økonomiske resultatet blir betre enn venta, heile 12,7 mill. Dette er noko som ikkje kjem av seg sjølv, men skuldast at heile administrasjonen har vore dyktige til å halde att på pengebruken og at tilsette har ytt ein framifrå innsats. Det har vore harde innsparingar på enkelte avdelingar og på lengre sikt kan me ikkje ha så store

påkjeningar på personalet, det er difor viktig å sikre ei stabil drift framover og ferdigstille omorganiserings-prosessane.

Det er eit viktig mål for den økonomiske styringa av kommunen at kommunen har betre ryggrad til å møte enda trongare økonomiske tider. Det langsiktige målet er eit netto driftsresultat på minst 3,0%. I 2016 vart det ca. 4,8 %, men det kan vi ikkje rekne med å klare i 2017. Det er mellom anna ein del stillingar som har stått ledige i året som gjekk. Overskotet i 2016 gjev kommunen ein noko betre handlefridom og vi kan styrke fonda våre noko igjen.

Tokke kommune har avslutta arbeidet med kommunereforma og har konkludert med at Tokke skal halde fram som eigen kommune. Fylkesmannen i Telemark har og tilrådd dette ovafor departementet. Men det har vore eit ynskje om å utvikle det interkommunale samarbeidet og Tokke er med i dei fem prosjekta som er sett i gong av Vest-Telemarkrådet. Det er utvida samarbeid innan IT, løn og økonomi, kraftsaker, næringspolitikk og landbrukspolitikk. Arbeidet skal vere ferdig våren 2017.

Innan skulesektoren har det vore arbeidd med kvalitet og utvikling etter dei vedtaka om skulesamanslutning og ny struktur i skule- og barnehageleiinga som blei gjort i 2014. Dette er eit krevjande arbeid og det er avgjerande at politikarar, administrasjon og foreldre trekkjer i same retning for å halde fram med å skape eit godt skule- og barnehagetilbod i Tokke kommune.

Det har og vore jobba i høve til å skaffe ny næringsverksemd. Det er inngått ei avtale som kan innebere ny næringsverksemd og nye bustader i Høydalsmo. Vonleg vil me sjå resultat av dette mot slutten av 2017. Gledeleg er det og at Dalen Hotel hadde eit særst godt år i 2016, dette viser at Tokke er ein attraktiv kommune og for turistar. Likevel meiner rådmannen dette er eit område det er grunn til å styrke i tida framover.

Den største investeringsoppgåva i 2016 har vore flaumsikring på Dalen – eit prosjekt i samarbeid med Statkraft og NVE.

Prosjektet vil halde fram også neste år.  
Ferdigstilling av kunstgrasbane på Dalen  
var og ein stor investering i 2016.


Rådmann Britt Houge slutta i stillinga i juli  
og Hans Kristian Lehmann blei engasjert  
som rådmann til ny rådmann var tilsett. Eg  
tok til som ny rådmann i slutten av januar  
2017.

Rådmann John Kleiv  
Mars 2017

## Politisk styring

Kommunestyret er det øvste organet i kommunen. Det har mynde som organ, ikkje som enkeltrepresentantar. Ordførar er kommunens fremste representant og leier kommunestyret. Rådmannen følgjer opp kommunestyrets vedtak og har ansvaret for administrasjonen. Kontrollutvalet utøver kontroll på vegne av kommunestyret. Kommunen har fire hovudutval: Formannskapet, oppvekstutvalet, helse- og sosialutvalet og utviklingsutvalet.

### Politisk organisering



Kommunestyret har 21 representantar. I denne perioden har SP ordføraren og utgjer posisjonen med reint fleirtal med 11 representantar mot AP 9 og KrF 1. Ordførar er Jarand Felland (SP) og varaordførar Tone Dale Solvang.

### Politisk sakshandsaming i 2016

Formannskapet hadde eit møte meir i 2016 enn i 2015, elles har alle politiske utval hatt same tal eller færre møter. Kommunestyret har hatt færre saker til handsaming i 2016 enn i 2015, 72 mot 83, elles har alle utvala og formannskapet hatt ei auke i talet på saker. Tal på møte og saker i 2015 i parentes.

Kommunestyret hadde 7 (9) møte og handsama 72 (83) saker i 2016.

Formannskapet er kommunens plan- og økonomiutval og har 7 medlemmar. Formannskapet hadde 13 (12) møte og handsama 97 (83) saker.

Oppvekstutvalet handsamar saker som gjeld skule, barnehage, kulturskule og vaksenopplæring. Utvalet har 7 medlemmar. Oppvekstutvalet hadde 5 (6) møte og handsama 21 (15) saker.

Helse- og sosialutvalet handsamar saker frå helse og omsorg og NAV (sosial) . Utvalet har 7 medlemmar. Utvalet hadde 5 (5) møte og handsama 21 (14) saker.

Utviklingsutvalet handsamar saker frå teknisk etat og plan, næring og kultur. Utvalet har 7 medlemmar. Utvalet hadde 6 (7) møte og handsama 53 (43) saker.

**Økonomisk oversyn**

Kommunerekneskapen for 2016 syner stor betring i høve til 2015. Det er rekneskaps-overskot eller mindreutgifter på kr 12,2 mill. og eit stort positivt netto driftsresultat (driftsinntekter minus driftsutgifter + netto finansutgifter) på kr 12,7 mill. (+4,8%).

Hovudårsakene til det gode resultatet er innsparingar i drifta og god budsjettkontroll på etatane, positivt premieavvik, større skatte- og konsesjonskraftinntekter og mindre renteutgifter enn budsjettert.

Tabell 1a syner at netto løn- og sosiale utgifter minka med 6,2% i høve til 2015, det er nytta kr 6,8 mill. mindre enn budsjettert; pensjonsutgiftene gjekk særleg mykje ned, 34,7% - jf. stort negativt premieavvik i 2015, men positivt premieavvik i 2016(3,9 mill.).

Andre driftsutgifter er på same nivå som i 2015 medan totale driftsutgifter gjekk ned med 4,4%. Driftsinntektene auka med 4,8% i høve til 2015, og er kr 8,5 mill. høgare enn budsjettert. Dette har samanheng med større inntekter frå konsesjonskraftsal, større statlege, fylkeskommunale, kommunale og private refusjonar og overføringar enn budsjettert.

Rente- og utbyteinntektene blei kr 585 000 mindre enn budsjettert, men mindre renteutgifter med kr 1 016 000 gjer at netto finansutgifter blei kr 431 000 mindre enn budsjettert.

Tabell 1a

<b>Oversyn driftsutgifter og -inntekter, ekskl. bruk og avsetjing fond og avskrivning:</b>				
(1000 kr)	R-2016	%-2015-16	Rev. B-2016	R-2015
Lønsutgifter:				
Brutto lønsutgifter	141 811	-0,9	138 304	143 133
Pensjonsutgifter	14 728	-34,7	19 282	22 539
Arbeidsgjevaravgift	15 591	-6,9	16 426	16 750
Sum	172 130	-5,6	174 012	182 422
Refusjon sjukeløn m.m.	-8 741	5,5	-3 843	-8 286
Netto lønsutgifter	163 389	-6,2	170 169	174 136
Andre driftsutgifter, ekskl. fordelte utg.	76 336	-0,4	72 581	76 643
Totale driftsutgifter	239 725	-4,4	242 750	250 779
Driftsinnt., ekskl. sjukelønsref. og fordelte utg./innt.	258 746	4,8	250 217	246 932
<b>Totalt brutto driftsresultat, ekskl. avskrivning</b>	<b>19 021</b>	<b>594,4</b>	<b>7 467</b>	<b>-3 847</b>
Netto finansutgifter	-6 289	3,1	-6 720	-6 487
<b>Netto driftsresultat</b>	<b>12 732</b>	<b>223,2</b>	<b>747</b>	<b>-10 334</b>

Tabell 1b syner utviklinga av premieavviket på pensjonsutgiftene i perioden 2010 til 2016, og prognose for åra 2017-2019. Tokke kommune nyttar 1 års amortisering og dette gav i 2015, i kombinasjon med stor inntektsnedgang, stort utslag på netto driftsresultat. Men dette jamnar seg ut over år, den store minusen i 2015 snudde til pluss i 2016, likevel blei denne kr 4,7 mill. mindre positiv enn det prognosane frå KLP i januar 2016 synte!

KLP gjev då også uttrykk for at dei helst ikkje lagar slike prognosar då dette er sær sars vanskeleg og usikkert. Me vurderer fortløpande overgang til 7 års amortisering, men vil førebels ikkje tilrå dette, jf. prognose i tabell 1b.. Det bør setjast av til disposisjonsfond for å dekkje opp negative premieavvik.

Tabell 1b

PREMIEAVVIK 2010-2019	(kr 1000)							Prognose:				
	2010	2011	2012	2013	2014	R-2015	R-2016	B-2016	B-2017	B-2018	B-2019	
Netto driftsresultat (+ positivt)	8 029	15 698	-5 883	-1 730	-4	-10 334	12 732	-1 000	3 431	822	7 092	
Moms.komp. investering	-866	-4 155	-2 035	-7 785	-	-	-					
Netto driftsresultat etter moms.komp.	7 163	11 543	-7 918	-9 515	-4	-10 334	12 732	-1 000	3 431	822	7 092	
Amortisert avvik (1 år) - Funksjon 171	-933	885	-1 277	-4 959	1 200	-4 860	3 208	3 208	-680	-6 127	-3 934	
Årets premieavvik - F170	-885	1 277	4 959	-1 200	4 860	-3 208	680	5 342	6 127	3 934	8 630	
Totalt avvik F170-F171, inkl. arb.gj.avgift	-1 818	2 162	3 682	-6 159	6 060	-8 068	3 888	8 550	5 447	-2 193	4 696	
Netto drifts. justert for premieavvik	8 981	9 381	-11 600	-3 356	-6 064	-2 266	8 844	-9 550	-2 016	3 015	2 396	
Rekneskapsresultat (dvs. inkl. fond)	6 095	12 104	1 871	800	1 787	0*	12 236	0	0	0	0	
* Avsetjing til disp.fond redusert med 6,8 mill.												
Inntekter (netto) eigedomsskatt og kons.kraftsal:	56 909	60 794	52 250	59 745	55 857	48 592	50 984	48 722	46 300	42 000	41 000	

Tabell 2 under viser at det er store budsjettoverskot/mindreforbruk på planområda sentraladministrasjonen, oppvekst og plan og næring. Planområda helse og omsorg og teknisk har mindre overskot, og er om lag i balanse.

Investeringane utgjorde kr 19,1 mill., – 41% er lånefinansiert.

Tabell 2

	Netto driftsutgifter ( inkl. fond)			Investeringar (brutto) 2016
	Rekneskap 2016	Rev. budsjett 2016	Budsjett- overskot/ underskot(-)	
1000 kr.				
Sentraladm.	20 856	22 682	1 826	728
Oppvekst	56 746	59 924	3 178	-7
Helse- og omsorg	72 163	72 566	403	0
Plan, næring, kultur	8 148	10 068	1 920	684
Kyrkjeleg fellesråd	3 505	3 505	0	0
Teknisk	18 695	19 416	721	17 719
Felles	-192 349	-188 161	4 188	
Sum alle planområde	-12 236	0	12 236	19 124

Tabell 3 viser brutto driftsutgifter fordelt på utgiftsartar.

Tabell 3

	Brutto driftsutgifter							
	2016			2015		2014		
	Brutto driftsutg.	%-vis del	Budsjett	Brutto driftsutg.	%-vis del	Brutto driftsutg.	%-vis del	
1000 kr.								
Løns- og sos. utgifter	172 130	68,4 %	174 011	182 422	69,4 %	171 455	68,3 %	
Skyss- og kost	1 049	0,4 %	2 193	2 511	1,0 %	2 734	1,1 %	
Kjøp varer/tenester til eigenproduksjon	33 430	13,3 %	30 778	37 778	14,4 %	37 726	15,0 %	
Kjøp varer/tenester - erstattar eigenprod.	22 435	8,9 %	20 105	20 320	7,7 %	16 750	6,7 %	
Fordelte utgifter	-1 383	-0,5 %	-163	-4 185	-1,6 %	-4 397	-1,8 %	
Overføringar	20 805	8,3 %	19 669	20 218	7,7 %	22 747	9,1 %	
Renter	3 200	1,3 %	4 220	3 614	1,4 %	4 145	1,7 %	
Sum alle planområde/etatar	251 666	100,0 %	250 813	262 678	100,0 %	251 160	100,0 %	

Lønsutgiftene utgjør storparten av driftsutgiftene. Det er nedgang i løns- og andre driftsutgifter, og i renteutgifter. Korrigert for sjukelønsrefusjonar og premieavvik pensjonar i 2015 og 2016 så er det imedtan ein liten auke i lønsutgiftene i høve til 2015 på 0,8%. I 2015 var det eit negativt premieavvik på kr 8 mill., men tilsvarende positivt avvik i 2016 på kr 3,9 mill.. jf. tabell 1b.

**Skatteinntektene** (inntekts-, formues-, naturressursskatt og eigedomsskatt – tabell 4) blei kr 1,4 mill. større enn i 2015, om lag kr 0,9 mill. større enn budsjettet. Auken er likevel mykje mindre enn landsgjennomsnittet.

Tabell 4 Oversyn over skatteinntektene dei siste 10 åra

	2016	2015	2014	2013	2012	2011	2010	2009	2008	2007
Inntekts- og formueskatt	52,3	49,8	48,1	47,8	44	43	47,5	45,9	39,6	41,6
Naturressursskatt m.m.	23,4	24	22,9	22,5	22	22	21	21,2	21,1	21,7
Eigedomsskatt	39,8	40,3	41,4	42,4	38,4	35,8	36,4	34,5	35,6	32
Netto skatteinntekter	115,5	114,1	112,4	112,7	104,4	100,8	104,9	101,6	96,3	95,3
Prosentvis endring	1,2 %	1,5 %	-0,3 %	8,0 %	3,6 %	-3,9 %	3,2 %	5,5 %	1,0 %	9,2 %
Skattedekningsgrad	46,6	44,1	45,5	43,9	42,6	45,8	49,2	47,0	47,0	51,5

Skattedekningsgraden syner kor mykje skatteinntektene dekkjer av eksterne driftsutgifter, dvs. brutto utgifter eksklusive avskrivningar. Det er ein negativ trend over fleire år, men litt positiv i 2016.

Skatteinntektene (utanom eigedomsskatt) og rammetilskotet frå staten er ein del av inntektssystemet mellom staten og kommunane, minke i skatteinntektene blir såleis avrekna med meir rammetilskot og omvendt.


#### Rammetilskot frå staten.

Rammetilskotet frå staten gjekk opp med kr 2,3 mill. til kr 64,1 mill. Det kom inn kr 684 000 meir enn budsjettet.

#### Driftsresultat.

Nettoreultatgraden i tabell 5 syner kor stor prosentdel av driftsinntektene som er disponibelt etter at drifts- og kapitalutgifter er betala. Dette nykeltalet er i 2016 særst bra i høve til 2015, pluss 4,8% og nå langt over det som blir rekna som minimum, styresmaktene reknar nå dette kring 1,8% for kommunane. Kommunestyret sitt måltal er 3%.

Tabell 5.





## Konsesjonsavgifter.

Avgiftsinntektene var på kr 7,322 mill., kr 22 000 meir enn budsjettert. Desse inntektene er avsett til kraftfondet (konsesjonsavgiftsfondet) og blir nytta til avdragsbetaling (kr 4,0 mill.) og til næringstiltak.

## Balansen

### Omløpsmidlar - finansforvaltning.

Avkastning av plasserte midlar i bank gjekk i 2016 litt ned, rentenivået er stabilt lågt og vil etter prognosane vera låge i lang tid. Gjennomsnittleg rente på bankinnskot etter bankavtala med DNB var i 2016 på 1,92%, jf. tabell 6. Det er ikkje andre plasseringar enn i bank.

Tabell 6

Avkastning i bank	%
<b>2016</b>	<b>1,92</b>
2015	2,14
2014	2,54
2013	2,60
2012	3,09
2011	2,96
2010	2,21

Avkastninga i bank er klart betre enn referanseindeksen i 2016, jf. tabell 7.

Tabell 7

Rapportering for midlar til driftsføremål:

	31.12.2014		31.12.2015		31.12.2016	
	Mill kr	%	Mill kr	%	Mill kr	%
Innskot hjå hovudbank - DNB	42,7	100,0	38,5	65,8	<b>58,5</b>	<b>100,0</b>
Innskot i andre bankar	0	0,0	0	0,0	<b>0</b>	<b>0,0</b>
Samla kortsiktig likviditet	42,7	100,0	38,5	65,8	<b>58,5</b>	<b>100,0</b>
Avkastning sidan 31.12.2015	2,54 %		2,14 %		<b>1,92 %</b>	
Avkastning referanseindeks (ST1X)	1,07 %		0,64 %		<b>0,55 %</b>	
Stadfesting av enkeltexponering ≤ 2 % av forvaltningskapital	JA		JA		<b>JA</b>	
Stadfesting av enkeltpapir ≤ 6 månaders løpetid	Ja		Ja		<b>Ja</b>	
Største tidsinnskot	0		0		<b>0</b>	
Største enkeltpapirplassering	NOK 42,7 mill		NOK 38,5 mill		<b>NOK 58,5 mill</b>	

Av tabell 8 (jf. tabell 9) går det fram at lånekostnadane er høgare enn referanseindeksen. Fastrentelåna ligg noko høgare enn dei flytande rentene.

Tabell 8

Rapportering lån:

	31.12.2014		31.12.2015		31.12.2016	
	Mill. kr	%	Mill. kr	%	Mill. kr	%
Lån med flytande rente	56,42	36,0	56,30	34,1	<b>78,70</b>	<b>47,6</b>
Lån med NIBOR-basera rente	58,43	37,3	50,70	30,7	<b>48,80</b>	<b>29,5</b>
Lån med fast rente *	41,84	26,7	52,80	31,9	<b>37,80</b>	<b>22,9</b>
Finansiell leasing	0,00	0,0	0,00	0,0	<b>0,00</b>	<b>0,0</b>
Samla langsiktig gjeld	156,69	100,0	159,80	96,7	<b>165,30</b>	<b>100,0</b>
Effektiv rentekostnad sidan 31.12.2016	2,58		2,15		<b>1,97</b>	
Avkastning (kostnad) benchmark (ST4X)	0,91		0,78		<b>0,94</b>	
Tal løpande enkeltlån	14		16		<b>17</b>	
Største enkeltlån	NOK 28,6 mill.		NOK 26,5 mill.		<b>NOK 25,2 mill.</b>	

Tabell 9

Oversyn lån

Långevar	Lånr.	Produkt	Nom. rente	Restgjeld 31.12.16
KLP Kommunekreditt	8317.54.53221	Flytande rente	1,65 %	<b>kr 12 790 000</b>
Komm.banken	20080154	Flytande rente	1,80 %	<b>kr 12 659 530</b>
Komm.banken	20150690	Fastrente (2019)	1,92 %	<b>kr 12 566 660</b>
Komm.banken	20080155	Fastrente (2018)	2,82 %	<b>kr 25 193 430</b>
Komm.banken	20080156	Flytande rente	1,80 %	<b>kr 25 193 430</b>
Komm.banken	20080157	Flytande rente	1,80 %	<b>kr 18 431 420</b>
Komm.banken	20090132	3 mnd NIBOR	1,85 %	<b>kr 5 148 980</b>
Komm.banken	2013447	3 mnd NIBOR	1,83 %	<b>kr 22 557 620</b>
Komm.banken	20150692	3 mnd NIBOR	1,88 %	<b>kr 21 156 360</b>
<b>Komm.banken-KLP</b>				<b>kr 155 697 430</b>
Husbanken	11441303	Flytande rente	1,56 %	<b>kr 269 125</b>
Husbanken	11506497	Flytande rente	1,56 %	<b>kr 428 870</b>
Husbanken	11509693	Flytande rente	1,56 %	<b>kr 1 500 000</b>
Husbanken	11519475	Flytande rente	1,56 %	<b>kr 253 094</b>
Husbanken	11520311	Flytande rente	1,56 %	<b>kr 1 399 988</b>
Husbanken	115241611	Flytande rente	1,56 %	<b>kr 2 650 000</b>
Husbanken	11532105 1	Flytande rente	1,56 %	<b>kr 2 854 806</b>
Husbanken	11939565	Flytande rente	0,56 %	<b>kr 227 000</b>
<b>Husbanken</b>				<b>kr 9 582 883</b>
<b>Samla gjeld:</b>				<b>kr 165 280 313</b>

## Tap på krav

Av førebels avsett til tap på krav i 2015 på kr 293 103 er det i 2016 endeleg utgiftsført kr 1 646. I 2016 er det likeeins førebels avsett og utgiftsført kr 394 704 til mogleg tap på kommunale krav. Endeleg utgiftsføring skjer då eventuelt i 2017. I alt er det usikre krav på kr 571 544 (note 13 i rekneskapen). Dette er gamle krav og krav i samband med dødsfall, sosiale årsaker etc., og såleis krav som kan bli svært vanskeleg eller uråd å få kravd inn.

I samband med konkursen i Tokke Industrier AS(tidl. Bergen Plastics Composite AS) er det avskrive eit lån på kr 3 500 000.

## Anleggsmidlar.

Avskrivning av faste eigedomar og anlegg er gjort både i driftsrekneskapen og balansen. Avskrivningane har ikkje verknad for netto driftsresultat. Avskrivningane er med i mange av rapportane i KOSTRA som eit kostnadselement.

## Arbeidskapital

Arbeidskapitalen, tabell 10, har god utvikling i 2016 og er betra med 17,3 mill. Arbeidskapitalens driftsdel har tilsvarende positiv utvikling:

Tabell 10

Mill. kr.	2016	2015	2014	2013	2012	2011	2010	2009	2008	2007	2006	2005
Omløpsmidlar	76,5	58,6	67,7	77,7	95,7	74,0	89,7	89,0	96,0	105,0	120,1	65,8
-kortsiktig gjeld	-39,9	-39,3	-36,0	-40,0	-41,2	-35,3	-33,8	-33,0	-33,6	-32,9	-28,5	-27,3
Arbeidskapital	36,6	19,3	31,7	37,7	54,5	38,7	55,9	56,0	62,4	72,1	91,6	38,5
-fondsmidlar	-18,9	-19,2	-29,1	-27,1	-35,7	-30,6	-30,0	-30,2	-34,1	-41,7	-35,3	-36,5
-unytta lånemidlar	-8,3	-3,4	-3,7	-12,7	-19,7	-0,7	-22,6	-28,3	-29,3	-26,7	-53,3	-0,2
Arb.kap., driftsdel	9,4	-3,3	-1,1	-2,1	-0,9	7,4	3,3	-2,5	-1,0	3,7	3,0	1,8

## Likviditet

Likviditeten, jf. tabell 11, er mykje bunden opp i fond og ikkje disponible midlar (lån t.d.), men syner god betring i 2016. Likviditetsgrad 3 som er forholdet mellom dei mest likvide midlane og kortsiktig gjeld har dei seinare år hatt ei negativ utvikling, men er i 2016 mykje betra.. Nykeltalet må vera større enn 0,33 for at kommunen skal klare betalingspliktene sine. Det er likevel grunn til å halde god oppsikt med utviklinga av likviditeten framover.

Tabell 11

	2016	2015	2014	2013	2012	2011	2010	2009	2008	2007	2006	2005
Mill.kr.												
Kasse,bank	64,6	45,1	49,0	65,8	74,1	57,9	72,5	73,8	68,5	86	109	56,5
Kortsiktig gjeld	39,9	39,3	36,0	40,0	41,2	35,3	33,8	33	33,6	32,9	28,5	27,3
Likviditetsgrad 3	1,6	1,1	1,4	1,6	1,8	1,6	2,1	2,2	2,0	2,6	3,8	2,1

## Fondsmidlar

Fondsmidlane, jf. tabell 12, syner ein liten nedgang på kr 0,3 mill., og er ved utgangen av året på **18,9 mill. kr.** Nedgangen kjem av større bruk av investeringsfond og bundne driftsfond, medan det er avsett noko meir til disposisjonsfond, kr 727 000. Det blei «lånt» av disposisjonsfonda for å dekkje opp underskotet i 2015. Det må difor vera eit mål at dette blir attendeført disposisjonsfondet snarast råd. Rådmannen tilrår at mindreforbruket i 2016 i hovudsak blir avsett til disposisjonsfond for å styrke desse og attendeføre det som blei nytta til dekning av meirforbruket i 2015.


Tabell 12

	2016	2015	2014	2013	2012	2011	2010	2009	2008	2007	2006	2005
Mill.kr.												
Disp.fond, investering	0	0	0	0	0	0,8	0,8	1,3	5,4	11,8	6,6	0,8
Bundne driftsfond	5,1	5,3	5,7	4,8	4,7	7,0	10,1	10,4	11,8	10,2	7,2	5,8
Disposisjonsfond	2,3	1,6	10,5	12,0	20,8	15,9	9,8	9,0	6,1	5,7	5,3	11,8
Næringsfond, inv.	5,9	5,2	5,2	5,4	5,8	6,5	5,9	5,9	2,4	5,6	8,5	8,7
Investeringsfond, ubunde	5,6	7,0	7,4	4,1	4,1	0,1	3,3	3,3	7,9	7,3	6,6	9,1
Investeringsfond, bunde	0	0,1	0,3	0,8	0,3	0,3	0,1	0,5	0,5	1,1	1,1	0,3
Fond i alt	18,9	19,2	29,1	27,1	35,7	30,6	30,0	30,4	34,1	41,7	35,3	36,5

## Gjeld

Ordinær lånegjeld gjekk i 2016 opp frå 159,8 mill. kr. til kr 165,3 mill., jf. tabell 13. Gjelda utgjer om lag kr 74 000 pr. innbyggjar og 62% av driftsinntektene. I tillegg kjem pensjonspliktene på kr 381 mill.

Tabell 13



Noko av gjelda er bunde til fastrente på 2,82% fram til 2018. Renteutgiftene har likevel gått mykje ned dei to siste åra.

## Pensjonsansvar.

Kommunen sitt pensjonsansvar er dekt gjennom pensjonsordning i Kommunal Landspensjonskasse (KLP) og Statens Pensjonskasse (SPK). Jf. note 2a og b i kommunerekneskapen.

## KOSTRA (Kommunal og Statleg Rapportering)

Førebelse Kostra-tal pr. 15.03 syner hovudtal frå rekneskapsdata og anna innrapportering frå kommunane i Vest-Telemark for 2016 (jf. vedlegg 1). Me gjer merksam på at tala er førebelse, og det kan vera feil i innrapporteringane som blir retta i den endelege versjonen i juni. Perioden mellom mars og mai skal såleis nyttast av kommunane til sjekking av tala og eventuelt sende inn ny korrigera rapportering. Tala syner at Tokke har høge utgifter pr. innbyggjar på mange tenestoområde, men dette har jamna seg mykje ut dei siste åra. Det er ein viss grad av skjøn og vurderingar i innrapporteringane slik at tala ikkje alltid er samanliknbare.

## SJØLVKOST

Note 10 i kommunerekneskapen syner sjølvkost-utrekning på tenestene vatn, kloakk, slam/septik, renovasjon, feiing, byggjesak, kart- og delingsforretning og plansakshandsaming. Det er låg dekningsgrad på byggjesak, kart- og delingsforretning og plansakshandsaming. Men rekneskapen for 2016 syner nå full dekningsgrad og vel så det på vatn og avløp, og tilnærma full dekningsgrad på

renovasjon, septik og feiing. Det er såleis avsett kr 655 440 til sjølvkostfond på vatn og avløp i 2016. Full dekning var budsjettert fyrst i 2017, men innsparingar har ført til mindre utgifter i 2016 og såleis overdekning. Gebyra kan ikkje vera større enn utgiftene med tenestene. Note 10 i rekneskapen syner at det er litt underdekning når det gjeld renovasjon og septik i 2016 og det er nytta kr 24 000 av bundne driftsfond/sjølvkostfond.

## Konklusjon

Driftsrekneskapen for 2016 er gjort opp med **kr 12,2 i rekneskapsoverskot**, og med stort positivt **netto driftsresultat** på kr 12,7 mill. eller **+ 4,76%**.

Driftsutgiftene er under kontroll i 2016, men framleis for høge i høve til inntektene i budsjett og økonomiplan framover. Kraftinntektene går ned og ser ut til å minke ytterlegare. Disposisjonsfondet er på eit minimumsnivå ved årsskiftet, kr 2,3 mill., og bør styrkast.


Investeringsrekneskapen er gjort opp i balanse.

Økonomi – avvik

DRIFTSREKNESKAPEN 2016						
Ansvar	Tekst	Rekneskap 2016	Budsjett 2016	Rev. budsjett 2016	Avvik	Forbruk i %
100	Kommunestyret	307 708	256 973	256 973	-50 735	120
101	Formannskap	243 689	196 787	216 787	-26 902	112
102	Ordfører/varaordfører	1 143 893	1 202 693	1 152 693	8 800	99
103	Eldrerådet	38 261	35 466	27 468	-10 793	139
104	Kontrollutval og revisjon	713 533	741 061	741 061	27 528	96
106	Rådet for funksjonshemma	12 301	0	12 002	-299	102
107	Skatte- og takstutval	21 632	19 603	24 608	2 976	88
108	Ymse	128 898	216 198	146 198	17 300	88
110	Fellestenester	9 930 762	10 304 608	10 663 604	732 842	93
111	IKT-Felles	2 762 899	2 695 943	2 695 943	-66 956	102
112	Adm.bygninger	965	0	0	-965	
119	Avg.pl.sal/tenester	-1 202	-10 000	-10 000	-8 798	12
121	Økonomiavdeling	2 466 309	2 770 525	2 502 520	36 211	99
140	Fellesutgifter/tilskot	119 314	100 000	100 000	-19 314	119
141	Tokke kyrkjelege fellesråd	3 505 000	3 505 000	3 505 000	0	100
150	NAV - administrasjon	1 833 036	1 941 383	2 095 387	262 351	87
151	NAV- sosiale tenester	1 134 168	2 056 760	2 056 760	922 592	55
		24 361 165	26 033 000	26 187 004	1 825 839	93

Planområde 1 omfattar politisk styring og administrative fellestenester, IKT felles, økonomi, samt Kyrkjeleg fellesråd og NAV. NAV (kr 1,2 mill.) og administrative fellestenester (kr 732 000) har stort mindreforbruk i 2016. Årsakene er mindretgifter løner og sosialhjelp og større refusjonar frå staten.

Organisasjonskart 31.12.16:



## Driftsstoda

Sentraladministrasjonen starta ressursgjennomgangen i 2016. Føremålet med dette var å kartleggje ressursar og prøva å finne ut løysingar for god og effektiv organisering. Målet var å kunne serve både tilsette og innbyggjarar i kommunen meir effektivt og samtidig ha meir kvalitet i tenesta.

Kommunestyre vedtok innsparing med kr 600 000 (ca. 1 årsverk). Innsparinga skulle realiserast ved naturleg avgang. Reduksjonen i 2016 vart totalt 1,5 årsverk.

Rådmannen i Tokke slutta i stillinga sumaren 2016. Hans Kristian Lehmann vart konstituert i stillinga. Ny rådmann, John Kleiv, vart tilsett i kommunestyret i oktober.

## Likestilling

Det er fleire kvinner enn menn tilsett i Tokke kommune. Kommunen har totalt 21 leiarar per 31.12. Av dette er 15 kvinner og 6 menn.

I rådmannen si leiargruppe var fordelinga likt, 4 kvinner (med NAV-leiar) og 4 menn. Tokke har hatt fokus på å skaffe rett kompetanse til rett plass og det har difor ikkje vore prioritert særskilde tiltak for å rekruttere menn eller språklege minoritetar.

Tokke har ulike nasjonalitetar representert i dei fleste etatar.

## Årsverk

Kommunen hadde ca. 250 årsverk fordelt på ca. 360 stillingar i 2016. Nokon tilsette jobbar i meir enn ei stilling i kommunen (deltidsstillingar). Etatar lagar årleg oversikt over årsverk og tilsette i kvar årsskifte. Dette gjev oss ei meir presis oversikt enn det me har hatt før.

	2016	2016	2015	2015
Planområde - etat	Årsverk	Tilsette	Årsverk	Tilsette
Sentraladm.*	19,87	17	21,65	19
Oppvekst **	87,15	120	88,63	121
Helse og omsorg	98,42	155	97,33	152
Plan, næring og kultur	12,22	22	12,22	22
Teknisk	33,36	48	33,36	53
Sum	<b>251,02</b>	<b>362</b>	253,19	367


\* I årsverk ligg inne ordførarar, varaordførar, frikaup tillitsvalde, lærlingar og NAV.

\*\* 3,2 nye årsverk til vaksenopplæring og integreringsarbeidet ligg inne i 2016.

## Nærvær og fråvær

Nærværssrapport 2016						
	Total 2016	Total 2015	Total 2014	Total 2013	Total 2012	Total
Planomr.	2016-%	2015-%	2014-%	2013-%	2012-%	2011-%
1	96,23	94,32	96,95	93,76	95,69	97,37
2	93,64	92,46	93,43	94,81	94,61	94,18
3	88,98	89,20		0,00		91,04
3-helse	0,00	0,00	98,02	96,72	96,23	
3-omsorg	0,00	0,00	90,00	92,37	88,47	
4	98,82	98,03	97,28	88,72	99,81	98,35
5	90,92	93,28	94,61	94,25	92,05	94,34
Totalt	91,89	91,71	93,39	93,74	92,72	93,30
% fråvær	8,11	8,29	6,61	6,26	7,28	6,70
Kvinne	8,94	9,61	7,45	6,07	8,22	8,01
Mann	5,3	3,98	3,79	6,93	4,19	2,05
KT	1,79	2,02	1,55	1,44	1,94	2,23
LT	6,32	6,27	5,06	4,81	5,34	4,48
EM	1,04	1,26	1,11	1,05	1,35	1,39
LM	7,07	7,03	5,50	5,21	5,93	5,31

Sjukefråværsålet, det legemeldte, på 6,5% er ikkje nådd i 2016, dette er stabilt på 7%.



## IKT

Det vert Starta prosjektarbeid for samorganisering av IKT i Tokke, Vinje og Kviteseid. Kommunestyret løyvde kr 1 mill. til fornying og etablering av teknisk løysing for dette samarbeidet. Tilsvarande er løyvd i Vinje og Kviteseid.

## Arbeidsmiljø og HMS

Tokke kommune vedtok ny prosedyre for handtering av kritikkverdige forhold i kommunen. Metodikken heiter «faktaundersøking».

Prosedyra går ut på å skapa tryggleik for at alle klagar vert vurdert og handsama etter ein metodikk basert på sakshandsaming etter krava i Arbeidmiljølova, der saker skal handterast og avsluttast ein for ein, og organisasjonen og dei involverte skal gå vidare utan å draga med seg det som har vore.

## Etikk

Etiske retningslinjer og kommunikasjonsplan vart revidert i 2016 og vedteken november 2016 av kommunestyret.

## Internkontroll

Kommunen har eit godkjent internkontrollsystem på HMS for heile organisasjonen. Kvalitetssikring av verksemda blir følgd opp gjennom vedtekne prosedyrar, rutinar og regelverk. Arbeid med å fornye HMS-prosedyrane vart gjennomført i 2016.

## Leiaropplæring og medarbeidardag

Sentraladministrasjonen inviterte heile leiinga, inkludert mellomleiing, til felles leiarmøte to gonger på våren og ein gong på hausten. Felles leiarmøte har hatt oppe tema som alle leiarane i kommunen må kjenne til, knytt til kommunal forvaltning, drift og utvikling. Leiarsamlingane er eit nettverkstiltak og ein opplæringsstad, der leiarane kan få informasjon, diskutere og reflektere saman.

I tillegg til dette hadde alle leiarar tre heildags samlingar i samanheng med gjennomføring av kurs i metodikken «faktaundersøking». Medarbeidardag med føredrag for alle tilsette i kommunen vart gjennomførde i mars av Arbeidsmiljøspesielistene, ved Ståle Einarsen.

Einarsen hadde og eiga opplæring om metodikken til alle tillitsvalde og verneombod.

Rapportering handlingsprogram - Planområde 1		
Utfordring og tiltak	Mål	Status 31.12.16
<b>Økonomi</b> Økonomistyring i kommunen skjer på politisk og administrativt nivå. Økonomiopplæring og oversiktlege økonomiske oversikter kan hjelpe til og synleggjere situasjonen og betre styringa.  Rapportering bør skje innafor dei fastsette fristane for å betre styringa.	Handlingsprogram og økonomidokument som er oversiktlege og lette å forstå. Rekneskap, årsmelding og rapporteringar er levert til tida og i samsvar med revisjonskrav.	Utført, men rekneskap og årsmelding levert for seint til revisjonen.
<b>Økonomistyring og endringsleiing</b> Tokke kommune må varig endre forholdet mellom utgifter og inntekter. Organisasjonen må endre seg , og det blir stilt krav til at personalet må vere fleksible i høve til endring av oppgåver og oppgåvefordeling. For å få til endringar må leiinga styre ressursane	Økonomistyring og endringsleiing er tema på årshjulet for felles leiarmøte i kommunen. Kompetanseutviklingstiltak i økonomistyring og endringsleiing er planlagt og gjennomført.	Tema i leiarmøte og i budsjett-prosessen for 2017.



<p><b>Sakshandsaming</b> Revisjonsrapport syner at me har enkelte betringsområde i bruken av sakshandsamingssystemet. Arkiveringsrutinane skal gjennomgåast og betrast. Det skal settast inn systematiske opplæringstiltak og oppfølging av leiarar og sakshandsamarar</p>	<p>Det er innført eit systematisk opplæringsopplegg. Alle leiarar og sakshandsamarar har fått opplæring i bruk av Ephorte og nyttar skrivereglene. Arkivering i Tokke kommune er i tråd med krava i Arkivlova.</p>	<p>Utført, men det trengst nok litt meir opplæring framleis.</p>
<p><b>Organisasjons- og arbeidsmiljøutvikling</b> Som ledd i organisasjonsutviklinga i Tokke kommune arbeider kommunen med arbeidsmiljø, organisasjonskultur og synet på leing. Det vert innført ny metodikk i klagehandsaming frå hausten 2015, som skal gjere organisasjonen trygg på korleis klager, varslingar og ynskje om endringar skal handterast i organisasjonen. Det blir gjennomført opplæring av leiarar, verneombod og hovudtillitsvalde for å klargjere rollene. Metodikken byggjer på sakshandsaming ut frå om det er brot på krava i Arbeidsmiljølova.</p>	<p>Ny metodikk vert brukt i klagesaker i organisasjonen. Nye HMS-prosedyrar i tråd med ny metodikk er utarbeidd og innført Opplæring i metodikk er gjennomført for leiarar, verneombod og hovudtillitsvalde.</p>	<p>Utført.</p>
<p><b>Heimesida og Facebook</b> Digital kommunikasjon er hovudvalet i ein moderne organisasjon. Utvikling av heimesida og Facebooksida vil vere viktig for å ivareta kontakten med innbyggjarane og auke attraktiviteten.</p>	<p>Opplysningane på heimesida er oppdaterte. Feil blir retta straks. Facebooksida blir oppdatert hyppig i samsvar med interne reglar.</p>	<p>Står att noko arbeid med heimesida, utfordrande å få til. Facebooksida fungerer bra.</p>
<p><b>Integrering mellom dataprogram</b> Ein effektiv organisasjon har god arbeidsflyt både når det gjeld samarbeid mellom ulike personar/funksjonar og når det gjeld teknologiske løysingar. Integrering mellom ulike dataprogram kan gjere organisasjonen meir effektiv. Personalsjef, økonomisjef og IT-leiar gjennomgår systema.</p>	<p>All programvare er gjennomgått og analysert med omsyn til integreringsmoglegheiter mellom systema. Det ligg føre rapport.</p>	<p>Samarbeid i Vest-Telemark på mange område, IKT-samarbeidet m.fl. blir rapportera våren 2017. Det blir stadig arbeid med digitalisering og integrering av systema.</p>
<p><b>Ta imot flyktingar</b> Dette er eit felles innsatsområde for kommunen der etatane syner sitt bidrag for å nå målet. I 2015 har kommunen hatt samarbeidsavtale med Telemark Lys om integrering. I 2016 blir samarbeidsforholdet endra og Tokke</p>	<p>Tokke har teke imot det antal flyktingar som kommunestyret har bestemt. Flyktingar som kjem til Tokke får rett oppfølging frå kommunen inkl. Nav og blir</p>	<p>Utført. Jf. rapportering NAV.</p>

<p>tek sjølv hovudarbeidet med integreringa.</p> <p>Flyktingar som kjem til Tokke skal få rett oppfølging med introduksjonsprogram, undervisning, helsetenester og anna hjelp frå kommunen inkl. Nav. Det er eit mål at flyktingane skal få tilbod om arbeid eller anna aktivitet.</p> <p>Flyktingane blir invitert med i sosiale aktivitetar og frivillighetsarbeid.</p>	<p>invitert med i lokalsamfunnet sine aktivitetar.</p> <p>Tokke kommune har bygd opp sitt eige mottaksapparat med flyktingkonsulent, vaksenopplæring og frivillig arbeid</p>	
<p><b>Bustadsosialt arbeid</b></p> <p>NAV – Følgd opp den bustadsosiale planen.</p> <p>Gjennomføre planlagde tiltak i 2016.</p>	<p>Bustadsosiale tiltak ifølgje plan er gjennomført.</p>	<p>Utført. Jf. rapportering NAV.</p>
<p><b>Konsekvensar av stigande arbeidsløyse</b></p> <p>Fleire av bedriftene i kommunen har permitteringar og oppseiingar og fleire arbeider i offshore og har nå fått oppseiing eller permittering. Vi ser at arbeidsløysa stig og prognosa seier at det vil auke meir i 2016. Det betyr at fleire vil kome i ein vanskeleg situasjon og fleire vil ha trong for velferdstenestene , både statlege og kommunale.</p>	<p>Nav Tokke skal levere tenester i tråd med det til ei kvar tid gjeldande resultatkrav. Det vert fylgd opp kvar månad gjennom statleg system for resultatoppnåing. Systemet tek og med kommunale indikatorar som viser antal som tek imot økonomisk sosialhjelp.</p>	<p>Utført, jf. rapportering NAV.</p>

## NAV Tokke

Økonomi – jf. tabell under sentral.

NAV Tokke har eit underforbruk på ansvar 150 med ca. 13% og eit underforbruk på ansvar 151 med ca. 45%. Totalt blir det eit positivt avvik i 2016 på 29%. Me har hatt delar av 2 stillingar vakans på grunn av permisjon utan løn i 2016 og så har me fått refundera store delar av tilskot til økonomisk sosialhjelp frå Telemark Lys. Visar då til avtale om kaup av tenestar for flyktingane.

Heile 2016 har vore prega av låg arbeidsløyse i kommunen, men i 2.halvår ser me at arbeidsløysa aukar. Dette er blant anna ein fylgje av endringar i oljebransjen. Me ser at det

blir ei større gruppe som står utanfor arbeidslivet med omfattande og langvarig hjelpebehov frå tenesteapparatet.

Me har hatt eit stabilt tal personar som tek imot økonomisk sosialhjelp i 2016 og me ser at det er ein tendens til at brukarane vert yngre og er lengre på stønad enn tidlegare år. Me har i snitt hatt 1 deltakar på Kvalifiseringsprogram (KVP) 2016. Busetting av flyktingar i kommunen gjer at det vert betydeleg større press på sosialtenestar. Totalt sett har NAV Tokke levera tenester til brukarane i tråd med

overordna føringar og me har god resultatopptøning innom alle felt.

Det er til saman 6 personar som arbeider på NAV Tokke. Av desse er 3,15 stillingar kommunale og av dei igjen er 0,5

prosjektstilling i samband med busetting av flyktingar. NAV Tokke har ikkje hatt sjukefråvær som er arbeidsrelatera i 2016. Ein av dei kommunalt tilsette har teke veiledningsstudiet i 2016.

### Rapportering handlingsprogram 2016

Handlingsprogram NAV Utfordringar og tiltak	Mål	Status pr. 31.12.16
Fylgje opp den bustadsosiale handlingsplanen. Gjennomføre planlagde tiltak i 2016	Bustadsosiale tiltak ifølge plan	Det har vore nokre få møter i 2016 og det er bare individuelle saker.
Vidareføre lågterskeltilbod i samband med aktivitetsplikt	Innarbeida i ordinær drift frå 010116.	Me har drivi Talenhus og 30 stk. har deltatt i løpet 2016, av dei har 13 kome i jobb eller utdanning. Det er eit samarbeidprosjekt med Vinje og Fyresdal.
Mottak av flyktingar	Nav Tokke bidrar med dei verkemiddel vi har for å bistå med integreringa av dei einskilde. <ul style="list-style-type: none"><li>- Økonomisk sosialhjelp</li><li>- Info. om rettigheter i folketrygda og hjelp til å sette fram krav</li></ul>	Me har veldig bra samarbeid med integreringskonsulenten og vaksenoppløringa I kommunen. Det er ein utfordring nå og vil bli I framtida I forhold til utgifter til økonomisk sosialhjelp.

Alle tiltak på felles innsatsområde for planområde 1 blir handtert som del av den ordinære drifta.

Det vert og eit forsterka krav til aktivitet for brukarar som tek imot økonomisk sosialhjelp, det blir derfor viktig å vidareføre/vidareutvikle Talenhuset .

### Utfordringar – planar 2017 - lokale mål

Me sluttar året med ein stor auke i arbeidsløysa og mykje av prioriteringane framover vil gå mot å dempe skadeverknadane av dette og yte bistand for å hjelpe arbeidsøklarane tilbake til jobb.

NAV står framfor store omstillingar i framtida som fylgje av digitalisering av tenestene og signal om at me skal organiserast i bu- og arbeidsmarknadsregionar. I Vest-Telemark har partnerskapet stat/kommune starta arbeidet med samarbeid/ samordning av NAV tenestene i området.

**Generell innleiing:**

*Nokre stikkord om drifta i 2016:*

- Barnehagelærarane har hatt kursing i ped. leirolla med Lars Grimstad
- Skulane har teke til med prosjektet «Vurdering for læring» - Statleg satsing
- Innføring av Vokal og Puls, som begge vil vere med på å sikre kvalitet på undervisninga
- Innføring av Parrhesia 3000, kvalitetsutviklingssystem for barnehagar
- Det er gjennomført brukarundersøking i barnehagen, med ein samla skår godt over fire (der fem er maksimum)
- Tokke skårar høgt på grunnskulepoeng og det er 100% overgang frå grunnskule til vidaregåande skule. Andelen av dei i Tokke som fullfører Vg1 ligg også høgt
- Ein har nærast ingen ventetid i kulturskulen
- Etaten fekk ansvar for flyktingetenesta og vaksenopplæringa for flyktingar frå 01.08.16
- Større grad av fleksibel bruk av personalressursar – det påverkar sjølvstabilitet og på sikt tryggheten til borna

**Økonomi – forklaring avvik**

DRIFTSREKNESKAPEN 2016						
Ansvar	Tekst	Rekneskap 2016	Budsjett 2016	Rev. budsjett 2016	Avvik	Forbruk i %
200	Oppvekstutvalet	94 354	103 107	103 107	8 753	92
210	Oppvekstkontoret	1 073 582	2 856 736	1 649 735	576 153	65
212	Vaksenopplæring/morsmålsund.	1 203 923	-19 888	1 204 116	193	100
215	Integreringsarbeid	1 076 963	0	1 076 997	34	100
220	Fellesutgifter	4 071 045	4 160 805	3 807 802	-263 243	107
221	Tokke skule	15 913 277	14 629 903	16 055 908	142 631	99
222	Høydalsmo skule	11 262 292	12 541 528	12 203 540	941 248	92
223	Tokke skule Åmdals Verk	1 048 299	972 866	972 866	-75 433	108
231	Kulturskulen	2 895 531	3 329 681	3 329 681	434 150	87
240	Fellesutg. barnehagar	1 565 737	1 300 998	1 521 965	-43 772	103
241	Dalen barnehage	9 040 508	10 242 125	10 392 129	1 351 621	87
242	Høydalsmo barnehage	2 506 161	3 141 044	2 841 044	334 883	88
243	Dalen barnehage Åmdals Verk	2 023 318	1 806 171	1 881 176	-142 142	108
244	Dalen barnehage Byrte	600 188	671 004	671 004	70 816	89
246	Høydalsmo barnehage Lårdal	2 371 156	1 886 920	2 212 926	-158 230	107
		56 746 333	57 623 000	59 923 996	3 177 663	95

**Merknader:**

Samla har resultatrekneskapen for planområde 2 eit overskot på kr 3 178 000. Av dette er det eit mindreforbruk på drift med kr 157 000

### Lønn spesielt:

Underforbruk på kr 3 021 000,-

### Analyse av underforbruket:

Ikkje tilsett i stillingar:		
10% konsulent i heile året	kr	57 000,-
50% rektor i kulturskulen var vakant (hausten)	kr	313 000,-
37% her er det kjøpt tenestar framfor tilsetjing	kr	240 000,-
Stillingar på Byrte	kr	111 000,-
330% mindre bemanning i barnehagen frå august	kr	760 000,-
Overbudsjettering i Høydalsmo skule	kr	940 000,-
<u>Det er dobbelt budsjettert lønn, for styrar (svangerskap)</u>	kr	<u>725 000,-</u>
<b>SUM</b>		<b>kr 3 146 000,-</b>

### Vikarstopp:

Hhausten 2016 har det vore vikarstopp. Det har vore krevjande for dei tilsette og leiinga. Å vere så restriktive i forhold til å ta inn vikarar får desse effektane: Auka belastning for tilsette, som kan medføre auka sjukefråvær (ofte er årsaka til sjukefråvær komplekst)

Leinga må vikariere – gjev mindre rom for pedagogisk leing og det gjev ein belastande arbeidssituasjon.

Dårlegare pedagogisk tilbod til borna/elevane. Dette kan t.d. ofte være bortfall av tolærarsystem og anna særskilt støtte, der dette ikkje er lovpålagt.

### Vakante stillingar:

Det har stått ei vakant stilling på konsulent i oppvekst. Dette er ein så liten stillingsstorleik at ein må vurdere å nytte den saman med andre stillingar i etaten. Frå hausten 2017 vil ein ta i bruk denne stillinga.

### Personellstoda:

Barnehagen; Det er minimalt med konstitueringar – stort sett i kortare periodar. Ein frå leiinga i barnehagane fullførte styrarutdanning i 2016.

Skulen; Tre lærerar har ikkje naudsynte kvalifikasjonar, dei manglar eit eller fleire fag for å

Stillinga som rektor i kulturskulen blei ledig frå august grunna permisjon. Vikaren jobba berre 50% på hausten. Ein har utsett fleire driftsoppgåver då ansvaret for kultur er lagt til planområde 2, frå januar 2017.

### Vikarar:

Lønnsbudsjettet blir utarbeida på bakgrunn av alle faste stillingar, person for person. Om ein med lang utdanning og ansiennitet er i permisjon, mens vikaren har mindre ans. og/eller utdanning, vil det medføre eit positivt utslag i lønnsbudsjettet. Det har vore tilfelle for fleire vikarar i 2016.

### Konklusjon:

Reelt sett er det eit overforbruk på lønn. Det er også erfaringane frå tidlegare år, då etaten har eit alt for lite vikarbudsjet.

vere godkjent pedagog.  
Tre lærerar er på EVU i 2016.

Årsverk; Etaten har 87,15 årsverk og om lag 120 tilsette.

## Kostra:

	0833 Tokke	0834 Vinje	0831 Fyresdal	0829 Kviteseid	0830 Nissedal	0828 Seljord	Kostra- gruppe 03	Telemark
Netto driftsutgifter per innbygger 1-5 år i kroner, barnehagar	216 798	168 765	117 000	135 673	186 317	153 698	145 230	138 342
Netto driftsutgifter til grunnskolesektor, per innbygger	17 272	18 848	21 507	12 529	18 155	14 117	15 578	12 652
Tal på elevar i grunnskolen som får spesialundervisning	5,5	6,2	9,5	8,5	7,3	6,6	9,7	8,0
Korrigerte brutto driftsutgifter i kroner per barn i kommunal barnehage	273 713	212 905	153 783	191 360	232 213	197 790	191 822	192 869
Korrigerte brutto driftsutgifter til grunnskole, skulelokaler og skuleskyss , per elev	148 195	170 220	160 543	130 331	171 016	128 647	138 691	118 900

## Vurdering:

### Einingskostnader

Einingskostnadane har direkte samanheng mellom gruppestorleik.

### Barnehage – einingskostnader

Einingskostnadane i barnehagen ligg høgare i Tokke.


Telemarksforskning konkluderte i sin rapport, at det er lite å hente på barnehagedrifta ut frå dei føresetnadene ein har til drifta.

### Skule – einingskostnader


Einingskostnaden på skule ligg på eit middelnivå i kostragruppe 3. Fleire andre kommunar Vest-Telemark har høgare einingskostnader enn Tokke.

### Tal på elevar med spesialundervisning

Tokke ligg blant dei lågaste på spesialpedagogiske vedtak etter opplæringslova i Telemark.



(Dette er summen av tiltak både i barnehagen og skulen)



Me held fram med lågt tal på elevar med spesialundervisning for tredje år på rad. Det er klart at ein ser effekt av alle tiltaka ein har iverksett.

*Tiltak som me har gjennomført etter hausten 2012:*

- Oppretting av ressursteam, frå hausten 2012
- Rettleiarkorpset frå november 2012

- Bruk av bunden tid til kollektiv kompetanseutvikling (2 t/v) – frå hausten 2013
- GNIST frå våren 2014 – fokus på klasseleiing
- Oppretting av TPO team frå hausten 2014
- Lese- og rekneverkstad frå hausten 2014
- Vurdering for læring – byrja i 2016

### **Nærvær/sjuefråvær:**

<b>NÆRVÆR</b>	<b>2016</b>	<b>2015</b>	<b>2014</b>	<b>2013</b>	<b>2012</b>	<b>2011</b>	<b>2010</b>
<b>2</b>	93,64%	92,46%	93,43%	94,81 %	94,61 %	94,18 %	93,01 %
Langtidsfråvær	4,79%	5,88%	5,10%				
Korttidsfråvær	1,57%	1,66%	1,46%				

Sjuefråværet i planområde 2 ligg under gjennomsnittet i kommunen, men er størst i barnehagen. Det har vore ein nedgang i fråværet frå 2015 til 2016.

<b>Utfordring og tiltak</b>	<b>Status pr. 31.12.16</b>
«Vurdering for læring»	Er starta opp, det er ei lengre satsing
<b>Tiltak for å betre den spesialpedagogiske hjelpa</b>	Kartlegging er fullført. Det vart ikkje naudsynt med større tiltak
<b>Uteskule som arena for å læring og utvikling</b> Plan for småskule	Ferdig
<b>Tideleg innsats</b>	
Etablere foreldreskule	Blir drøfta i samband med handlingsplan for tideleg innsats
Utarbeide språkplan for skule	Er under arbeid – er no snart klar til høyring (har blitt noko forsert grunna frávær og intern omrokking)
<b>«Aktiv og synleg kulturskule»</b>	
Kulturskulen skal gje eit opplæringstilbod av god kvalitet innan ulike kunstfag Kulturskulen vil utvide sine tilbod med dans og teater	Ein er pt. ikkje i ein slik situasjon at ein har eit permanent tilbod om dans og teater
Organisere vår verksemd i tråd med den nye rammeplanen for Norske kulturskule	Arbeidet har teke til
Sikre og styrkje eit godt samarbeid mellom kulturskule og heim. Opprette eit samarbeidsutval for kulturskulen	Ikkje utført – har hatt vakant rektorstilling (50% hausten)
<b>Kulturskule som kompetansesenter</b> Integrering av musikkskulelærarar i skulanes musikkundervisning (Korps i Skulen, Musikkveka).	Korps i skulen og musikkveka blir løpande følgt opp.
<b>Kompetanseheving</b>	
<i>Barnehagen:</i> Kompetanseheving med fokus på det pedagogiske tilbodet	Fullført kompetanseutvikling med Lars Grimstad
<i>Skulen:</i> sikre naudsynt kompetanse i basisfaga, som stettar nye krav	Det er tre på EVU på hausten og fire på våren
Kulturskule: sikre at lærarane har ein felles forståing på god undervisningspraksis i kulturskulen	Blir arbeida med, men noko forsert grunna redusert stilling hjå rektor
<b>Innføring av «VOKAL»</b> Systematisk oppfølging av borns læring – blir nytta fullt ut i 2016	Utført
<b>Innføring av «PULS»</b> Skuleeigars kvalitetssystem – blir iverksett og nytta frå 2016	Utført

Alle tiltak på fellesområdet er handtert som del av den ordinære drifta.

### **Dalen barnehage og Dalen barnehage Åmdals Verk:**

#### **Oppnådde mål utover fellestiltak:**

- Fleksibel bruk av personalressursar på Dalen, Åmdals Verk og Tokke SFO, sjølv om dette har gått utover stabilitet i personale på avdelingane
- Svært gode resultat i foreldreundersøkinga ( skåra 4,7 av 5 på tilfredshet )
- Utviklingsarbeid i alle faggrupper i barnehagen, gjennom egne faste møter.
- Arbeid med god tilbakemeldingskultur gjennom kvalitetsutviklingssystemet Parrhesia 3000.
- Har oppnådd målet aktive vaksne i leiken, avdelingane har "sett" leik på kartet, Avdelingane har blitt betre på observasjon av leik.
- Fokus på å gje barna varierte og gode opplevingar rundt mat. Sunt og variert kosthald. Fiskesprell og 5 om dagen skal vere i fokus. Eiget personale på kjøkken fire dagar i veka på Dalen. Ressursar er tatt frå avdelingane.
- Resurshefte for barnehagetilsette, med tema fleirspråklege born ferdig.



- Gode tiltak på avdelingane for utvikling av sosial kompetanse gjennom venneprogram. Her og samarbeid med FAU rundt plan mot mobbing.

- Opparbeida kjøkkenhage i barnehagen på Dalen. Dyrka grønsaker og salatar.
- Gjennomført årstidssamlingar på Dalen gjennom heile året, med tema for alle aldersgrupper.

#### ***Ikkje oppnådde mål:***

- Ferdigstille rutinar for oppstart i barnehage. Både for barn frå Norge og barn frå andre kulturar.
- Vidare samarbeide med FAU rundt plan mot mobbing. Vidare utarbeide rutinar i samarbeid med dei med tanke på innkludering, t.d. med tanke på barneselskap.

- Arbeid vidare med ein god tilbakemeldingskultur.
- Har oppnådd målet aktive vaksne i leiken, avdelingane har "sett" leik på kartet, likevel kan ein bruke vaksenrolla endå meir aktivt i leiken saman med barna.

### **Høydalsmo barnehage og Høydalsmo barnehage Lårdal**

#### **Oppnådde mål utover fellestiltak:**

- Fokus på felles årsplan, der alle tilsette er med på prosessen. Me jobbar no med neste års årsplan. Der vil me ha eit tema gjennom året, «gamle dagar». Sosial kompetanse og språk stimulering innanfor dette temaet. Bruke kvar og ein si styrke gjennom året.

- Felles dagar gjennom året. Styrkar det sosiale på tvers. Gjeld ungar og vaksne.
- Bruk av basseng og gymsal.
- Leik har fått større fokus dette året. Meir aktive vaksne og meir kunnskap gjev meir fokus.
- Godt samarbeid med føresette på begge avdelingane.
- Me har kome i gang med kjøkkenhage.

#### **Ikkje oppnådde mål utover fellestiltak:**

- Få Parrhesia 3000 under huden.
- Me må arbeide vidare med kjøkkenhagen vår.

- Endå tettare samarbeid mellom avdelinga i Høydalsmo og Lårdal

### **Tokke skule og Tokke skule Åmdals-Verk**

#### **Oppnådde mål utover fellestiltak**

- Nytt uteområde på Tokke skule. Kunstgrasbane. Trivsel og aktivitet i friminutta
- Felles trivselsregalar for heile skulen. Fokus på «månadens trivselsregel»
- Trivselstiltak på tvers av klassene. Aktivitetsdag på Tangane ved skulestart, Solidaritetsdag «Barn hjelper barn», musikkprosjektet i ungdomstrinnet

- Gode rutinar for aktivitet og overgang mellom Tokke skule og Tokke skule Åmdals-Verk
- Arbeid med «Vurdering for læring». Vurderingsskjema og gode tilbakemeldingar.
- Tverrfagleg arbeid med PPT (TPO team)
- Ny organisering av utviklingssamtalene.

- Arbeid med tilpassa opplæring. Har diskutert felles plattform og forståing av begrepet.
- Bruk av Vokal/ Puls. Digitalt rapportering av kartleggingsprøver
- Læringstrykk i basisfaga.
  - 1) Felles matteveke frå 1. til 9. klasse.
  - 2) Kva skal til for å heve kompetansen i faget engelsk ?
  - 3) Fokus på lesing i alle fag. Lesestrategiar. Leseprosjekt på tvers av klasser
- Gode rutinar for handsaming av mobbing

### **Ikkje oppnådde mål**

- Må framleis ha fokus på å jobbe med læringsmiljøet i enkelte klasser
- Halde fram med «Vurdering for læring» med fokus på elevmedverknad.
- Tilpassa opplæring: Ikkje berre fokus på dei «svake» elevane,- men også hugse på dei «sterke» elevane
- Meir fokus på bruk av lærande møte i utviklingstida. Erfaringsutveksling og kollegarettleiing.
- Betre samarbeid heim – skule. Skape gode arenaer for dialog, samarbeid og informasjon
- Lage ei god mal/ rutinar for mottak , integrering og opplæring av framandspråklege elevar
- «Det skal vere tøft å prestere» - betre motivasjon for læring

### **Høydalsmo skule**

#### **Oppnådde mål**

- Vurdering for læring - arbeid med å betre vurderingspraksisen
- Gode strategiar for TPO, med fokus på kasseleiing og læringsmiljø
- Gode rutinar rundt TPO-team (tverrfagleg samarbeid med PPT)
- Gode tilbakemeldingar på ekstern vurdering rundt TPO
- Gode rutinar rundt kollegarettleiing og refleksjon rundt eigen og andre sin praksis
- God tilbakemeldingskultur
- Arbeid med grunnleggjande dugleikar i alle fag, samt læringsstrategitrappa
- Conexus Engage og Conexus Insight er teke i bruk - digitale verkty for samling og analyse av data rundt kartlegging, vurdering og elevundersøkingar
- Null mobbing
  - Trivselstiltak - felles aktivitetar for heile skulen, på tvers av trinn, gjennom året
  - Aktivitetsleiarar – tiltak i friminutt
  - Inneordning for ungdomsskulen i vinterhalvåret
  - Vaksne er til stades

#### **Ikkje oppnådde mål**

- Vurdering for læring – vidare arbeid med fokus på tilbakemeldingar og eigenvurdering
- Arbeide meir med grunnleggjande dugleikar i alle fag – særleg rekning og lesing
- Felles forståing for omgrepet TPO
- Halde fram med fokus på elevmedverknad og aktivitetar for å motverke mobbing

### **Tiltak for å nå måla**

- Sjå kvar einiskild elev
- Ha fokus på kvar einiskild sitt ansvar for å få til ein god skule og ein god læringskultur
- Halde fram med felles trivselstiltak
- Ha gode planar og strukturar for utviklingsarbeid, TPO-møter, elevrådsarbeid og klasseråd også neste skuleår

### **Kulturskulen**

Kulturskulen har i 2016 hatt om lag 130 elevar. Me har ingen ventelister på gitar, piano og song. Det er lang venteliste på dans, kor og drama, og kortare ventetid på blåseinstrument, slagverk og teater. Dette vonar me å gjera noko med i 2017. Samstundes ynskjer me å utvide tilbodet i visuell kunst med korte kurs av ulik art, i tillegg til å tilby dansekurs for grunnskulen. Det er også eit mål å få større oppslutning rundt korpset slik at me får etablert eit generasjonskorps. Dei årlege elevkonsertane på Dalen, Høydalsmo, Åmdals Verk og helseheimen hadde god oppslutning. UKM 2016 vart gjennomført på Tokke kulturhus med få deltakarar; neste år arrangerer me saman med Vinje og vonar å få høgare deltakartal frå Tokke. Kandidaten frå

Tokke som vart nominert til Draumestipendet, vart ein av dei heldige som fekk utdelt stipend i 2016.

Den kulturelle skulesekken, lokal og sentral plan, har gått som planlagt. I barnehagane vart det gjennomført musikk- og formingstilbod, samt to større barnehagesamlingar på Kulturhuset og på Tangane (sistnemnde i samarbeid med Barnas Turlag). Kulturskulen ynskjer å ha eit større tilbod for denne målgruppa.

Dei tilsette i kulturskulen har arbeidd med rammeplan og fagplanar, og ynskjer å sikre ei god og fagleg opplæring for alle elevane. På den årlege fagdagen for kulturskulane i Vest-Telemark vart felles forståing av rammeplan og god undervisningspraksis tematisert.

### **Vaksenopplæringa - flyktingetenesta:**

Status – mottak i 2015 og 2016:

- 29 flyktingar
- 6 sekundærflyktingar

Tokke kommune kjøpte fyrste halvdel av året tenestane for oppfølging av flyktingane frå Telemark Lys AS.

Kommunestyret fatta vedtak om at ein skulle byggje opp eigen tenesta frå 01.08.16 – samstundes bestemte rådmannen at den

samla tenesta skulle bli lagt til planområde 2. Fram til 01.08 låg ansvaret til planområde 3. Ein rekrutterte tilsette våren 2016 og ein hadde gjort eit godt arbeid med planlegging av tenesta før 01.08.

Tenesta har etter vår vurdering fungert svært bra, det er etablert eit godt tverretatleg samarbeid omkring flyktingane.

## Økonomi – avvik

DRIFTSREKNESKAPEN 2016						
Ansvar	Tekst	Rekneskap 2016	Budsjett 2016	Rev. budsjett 2016	Avvik	Forbruk i %
300	Helse- og sosialutvalet	60 216	81 576	81 576	21 360	74
310	Helse - administrasjon	179 980	0	0	-179 980	
320	Samhandlingsreforma	827 827	650 000	650 000	-177 827	127
321	Legeteneste	7 597 587	7 055 057	7 264 057	-333 530	105
322	Fysio/ergo/rehabilitering	2 266 623	2 111 419	2 161 419	-105 204	105
323	Miljøretta helsevern	378 779	342 004	342 004	-36 775	111
331	Helsestasjon	1 721 314	1 480 158	1 599 158	-122 156	108
332	Jordmor	794 208	516 183	516 183	-278 025	154
342	Barnevern	2 734 049	2 800 000	2 800 000	65 951	98
343	Edruskapsvern	3 813	16 004	16 004	12 191	24
349	Psykatri	3 465 625	3 305 354	3 405 354	-60 271	102
350	Helse- og omsorg, administrasjon	1 968 461	4 233 428	2 283 428	314 967	86
351	Heimesjukepleia	6 336 323	6 482 579	6 682 579	346 256	95
352	Institusjon	21 687 914	21 934 881	22 684 881	996 967	96
354	Omsorgssenter	7 290 431	7 186 782	7 386 782	96 351	99
355	Åheim	9 047 482	8 279 119	8 529 119	-518 363	106
356	Høydalsmo alderspensjonat	746 085	991 610	991 610	245 525	75
357	Heimevaktmeister	293 600	235 614	235 614	-57 986	125
358	Heimehjelp	1 878 087	2 371 672	2 371 672	493 585	79
359	Kjøkken	2 884 212	2 464 560	2 564 560	-319 652	112
		72 162 619	72 538 000	72 566 000	403 381	99

Helse- og omsorgsetaten hadde eit mindre-forbruk på 400' kroner.

Året har vore prega av innsparingar og alle avdelingar har gjort ein stor jobb for å spare. Det er framfor alt sparing på vikarar som har gjeve eit mindre forbruk. På Åheim har dei gjennom året spara inn 250 vakter, på institusjon og i hemetenesta har dei spart rundt 100 vakter på kvar plass. Det vil seie at det ikkje har vore leigt inn vikar på ca. 450 vakter til saman. Det tilsvarar ca. 400' kroner. Det har vore heilt på kanten av det forsvarlege i 2016 og det er ikkje noko som etatsleiar tilrår å halde fram med. Det vil på sikt gå hardt ut over HMS for dei tilsette og tenesta til brukarane.

Etaten har enkelttiltak som i 2016 førde til store utgifter på om lag kr 1 mill.

Etaten har gjennomført betydelege reduksjonar i lønnsbudsjettet i 2016. Det har blive gjennomført ved reduksjonar i stillingar og

gjennom ein svært stram budsjettkontroll av leiinga.

Innsparingane har i tillegg gjort til at etaten ligg etter med vedlikehald på bygg. Helsesenteret, legekantoret og omsorgsbustadene treng å oppgraderast. Det blir teke med i budsjettarbeidet for 2018.

Etaten har fått 940' i prosjektmidlar i 2016. Prosjektmidlane har vore knytt til psykisk helse og rus, kompetanseheving, ungdomshelse og frisklivsentral.

#### KOSTRA 2016

Tokke kommune ligg fortsatt noko høgt i forbruk på helse og omsorgstenestar. Her er etaten inne i ein prosess for å redusere forbruket på fleire område.

Når enn ser på heile pleie og omsorgstenesta, så ligg etaten høgt.

På brutto kostnad for institusjonsplassar ligg Tokke kommune lågt i forhold til fleire andre

kommunar i Vest Telemark, og i forhold til landet.

I brutto kostnad for mottakar av heimetenestar ligg Tokke kommune på sama nivå som KOSTRA gruppe 3, men lågare enn dei andre Vest Telemark kommunane.

Kommunehelseteneste ligg høgt i forhold til landet. Noko av forklaringa er legevaksordninga, som er kostbar. Tokke kommune ligg og høgt på legeårsverk og fysioterapi. Resursbruk på helsesøstertenesta er litt vanskeleg å jamføre mellom kommunar, då resursbruket målas frå 0-5 år. Statistikken visar bare kva kommunane brukar i aldersgruppa 0-5 år, ikkje til skulhelseteneste eller eldre born. Her brukar Tokke kommunen mykje resursar på tidlig innsats 0-5 år og noko mindre til eldre born.

Fordeling av kompetansen i kommunen syner at det er færre andel årsverk med utdanning

frå høgskule/universitet enn andre kommunar og at det er fleire fagutdanna med fagutdanning frå vidaregåande skule.

Etaten har merka at det er mangel på høgskuleutdanna personell og det er eit ynskje å endre nokon av hjelpepleiar/omsorgsarbeidar stillingane til sjukepleiarstillingar. Styring av kompetanse er ei viktig faktor framover. Fordelinga bør vera lik, no er det fleire hjelpepleiarstillingar enn sjukepleiarstillingar i etaten. Det gjer at det til tider må brukas overtid og bakvakt meir enn ønskeleg.

Tokke ligg på topp både i Vest Telemark og i landet med psykiatrisk sjukepleiarkompetanse. Det gjeld både i psykisk helse og i omsorgstenestane.

#### Pleie og omsorgstenestar nøkkeltall 2016/SSB

	Tokke kommune	Kostra Gruppe 3	Landet	Vinje	Kviteseid	Seljord	Fyresdal	Nissedal
Netto driftsutgifter pr. innbygger i kroner pleie og omsorgstenestar	28 846	22 093	16 974	30 750	22 229	22 148	27 826	28 961
Korrigerte brutto driftsutgifter, institusjon pr. kommunal plass	1 083 543	1 119 03	1 008 835	1 459 026	748 150	1 117 393	1 243 700	1 185 095
Korrigerte brutto driftsutg pr. mottakar av heimetenestar	218 064	219 437	246 322	225 935	252 235	229 582	252 359	301 590
Andel årsverk i brukertjenester m/fagutdanning fra vidaregåande skole	49	45	40	45	45	36	46	41
Andel årsverk i brukertjenester m/fagutdanning fra høyskole/universitet	27	30	34	31	33	37	31	37

### Kommunehelseteneste – nøkkeltall 2016/SSB

	Tokke kommune	Kostra Gruppe 3	Landet	Vinje	Kviteseid	Sejord	Fyresdal	Nissedal
Netto driftsutgifter pr. innbyggjar i kroner, kommunehelsetenesta	6 502	4 180	2 538	6 852	5 557	3 673	4 243	4 547
Legeårsverk pr 10 000 innbyggjarar	17,1	14,5	10,7	16,8	16,4	15,8	22,6	20,1
Fysioterapi årsv. pr 10 000 innbyggjarar	18	10,6	9,1	15,3	8,2	10,1	14,3	12,2
Årsverk helsesøster pr. 10 000 innb. 0-5 år	162,6	76,7	73,1	113,4	150,8	52,4	126,6	-
Årsverk av psykiatriske Sykepleiere per 10 000 innbyg. (khels + omsorg)	23,1	6,3	4,6	21	4,3	6,7	7,6	7,9

#### HMS

Sjukefråværet er høgt i delar av etaten, med samla fråværet på 11,02 totalt gjennom året. Nokon avdelingar skil seg ut med eit høgt fråværet: Institusjon har auka frå 11,58% i 2015 til 14,88 % i 2016. Ein stor del av fråværet er langtidsfråværet. Det er sett i verk tiltak for å redusere fråværet. Sjukefråværet på Omsorgssenteret er redusert det siste året, det sama gjeld heimhjelpene. 2016 har fråværet vore høgt på jordmortenesta og på Høydalsmo alderspensjonat. Organisatoriske endringar og lite resursar til leiing, har vore ei gjennomgåande problemstilling gjennom året. Det er all grunn til å tru at omorganiseringa i nokon grad, er ei faktor som påverkar fråværet, men langvarig sparing og lite vikarar er den største forklaringa på fråværet over tid.

#### **Generelt for heile etaten:**

Helseetaten og omsorgsetaten har gjennom året jobba med ei ny organisering. Det har vore ein stor jobb, der mange tilsette har vore med. Det er viktig å få leiinga på plass i organisasjonen. Helseavdelinga har gjennom året hatt lite leiing til stades. Grunnen til det er at helse og omsorgsleiar har hatt svært

avgrensa kapasitet til å fylje opp det daglege arbeidet. Det har gjeve konsekvensar for personale som stort sett har måtta klara seg sjølv. Det har gått bra, men over tid blir det uholdbart og slitsamt for personale. Etaten har og starta arbeid med endring av omsorgstenestane.

Tokke kommune har delteke i nettverket Nytt Blikk. Nytt blikk er eit læringsnettverk for utvikling av heiltidskultur, der vår kommune har vore representera. Dette er eit samarbeid mellom Delta, fagforbundet, NSF og KS BTV der fokus er betre kontinuitet for våre tenestemottakarar og større stillingar for dei tilsette. Målet med arbeidet er å sikra goda kvalitative tenestar til innbyggjarane og sikra gode arbeidsforhold for personale. Rekruttere å behalde personale og kompetanse vil vera det desidert viktigaste tiltaket i åra som kjem.

2016 har vore eit aktivt år i høve til å auke vår kompetanse, i tillegg til at vi hatt eit kritisk blikk på våre arbeidsrutinar. I mai starta ei gruppe som arbeidde med 12 timars turnus for heimetenesta. Målet er å legge om turnus i 2017.

Det har vore lite tid til å jobbe med velferdsteknologi i 2016. Dette er eit område som må prioriteras i åra som kjem. Men her krevjas det både ei arbeidsinnsats og ei økonomisk innsats.

### **Legetenesta og legevakt**

Legetenesta er i endring. Dei siste åra merkast det at det blir stilt større kompetansekrav til legar på vakt. Det er innført bakvaktordning med vaktkompetente leger for dei som ikkje er det sjølv( forskrift frå 2015 )

Samtidig går bruken av legevakt litt nedover. Det kan henge saman med innføringa av time på dagen, som var innført i 2013.

To av legane i Tokke har hatt fritak frå vakt. Det gjer at Tokke kommune har hatt problem med å få dekkja dei 40 % av vaktene som er avtalt. Det gjer stor sårbarheit til eit relativt lite vakttdistrikt. Det er sett ned ei arbeidsgruppe som skal vurdere eit eventuelt utvida legevaksamarbeid i Vest Telemark. Arbeidet starta opp i 2016 og blir ferdig i løpet av våren 2017.

Talet på gjestepasientar aukar i perioden, noko som gjer at vaktbelastninga totalt er lik, eller til og med har auka dei siste åra.

#### **Fordeling av pasientar talmessig og prosentvis siste 4 år totalt**

	2013		2014		2015		2016	
	tal	%	tal	%	tal	%	tal	%
<b>Tokke</b>	1527	24,8	1349	23,5	1329	23,1	1322	21,
<b>Vinje</b>	3165	51,3	3041	53,1	2900	50,5	2995	49,
<b>Gjest</b>	1471	23,9	1341	23,4	1515	26,4	1791	29,
<b>Totalt</b>	6163		5731		5744		6108	

Gjennom året har ein lege hatt avtalefesta studiepermisjon og det har vore naudsynt med vikar. Gjennom det siste året har det vist seg at det blir alt vanskeligare å få tak i kompetente vikarar. Drifta ber preg av dette, ved at det har vore fleire dagar enn vanleg med bare timar til øyeblikkeleg hjelp.

Frå 1. mars 2017 er det forskriftsfesta at fastlegar skal vera spesialistar i allmenntilleggsmedisin. To av legane i Tokke er spesialistar og den tredje er under utdanning, så Tokke kommune er godt rusta for å møte kravet.

Kommuneoverlegen er i eit utdanningsløp for spesialisering i samfunnsmedisin. Dette for at kommunen skal ha naudsynt samfunnsmedisinsk kompetanse.

### **Aktivitet legetenesta 2016**

Aktivitet	2016
Konsultasjonar	5016
Tverrfaglege møter	183
Sjukebesøk	43
Laboratorieprøver	
Sendepøver	4120
CRP (lokal prøve)	955

### **Fysioterapi/Ergoterapi/Rehabilitering**

Vidareutvikling av frisklivstilbodet, har fortsett gjennom året. Systemet er på plass og rundt 40 personar har gjennomført frisklivstrening på resept. Støtta frå fylkesmannen har blitt godt tatt imot og har gjort til at tenesta har blitt mindre sårbar. Frisklivstilbodet har potensiale til å utvikle fleire førebyggjande tiltak blant anna for born og ungdom, rus og psykisk helse, samt flyktingar. Tilbodet med bassengtrening og sirkeltrening er dobla, til to timar per veke/aktivitet. I tillegg har det blitt satt av kapasitet til å få starta opp med gågruppe. Læring og mestringsstilboda er viktige for å komme inn tidleg og førebyggje sjukdom. I haust gjennomførte avdelinga fyrste kurset i «Bra mat», som har vore gjennomført i samarbeid med diabetssjukepleiar.

Det er og starta opp eit tilbod med kvardagsmeistring. Eit tverrfagleg team som hjelper brukarar som bur heime med rehabilitering og førebygging. Teamet blir svært viktig for å redusere bruk av omsorgstenestar og for å auke livskvaliteten til dei som bur heime.

Det er gjennomført to GNIST dagar. Samlingane er lærings og mestrings tilbod for eldre, med forskjellige tema om læring og fysisk aktivitet. Tema i haust var «Helse for kropp og topp».



### Psykisk helseteneste

Om lag 72 brukarar er registrera med oppfølging frå psykisk helse i 2016. Dette talet vil variere fordi nokon bare får ei enkel vurdering og difor ikkje får oppretta journal og vedtak. Andre har trong for samansette tenester, og vil ha journal som nyttast av fleire i systemet. Dei fleste tek imot tenester over ein lengre periode.

#### *Fordeling av brukarar psykisk helse med individuell oppfølging*

Aldersfordeling	Antall
0-20 år	22
20-40 år	13
40-60 år	24
Over 60 år	13
Total	72

Behandling: Variasjon i tenestetilbodet er viktig. Psykisk sjuke har forskjellig type problematikk. Samtaler i form av støttesamtaler og behandling er en stor del av tilbodet. Miljøarbeid i grupper og individuelt er ein arbeidsform der heile mennesket er i fokus.

Born og unge: Arbeidet med utsette barn/unge og sårbare familiar er prioritert. Her må ein arbeide både med førebygging og behandling. Om lag 100% stilling nyttast til dette arbeidet, med individuell oppfølging, miljøarbeid, familiearbeid, rusarbeid og samarbeid med andre instansar.

Psykiatrisk sjukepleiar er på Tokke skule kvar onsdag og på Høydalsmo skule ved behov. Tida nyttast til individuelle samtaler og/eller samtaler i grupper.

Fagleiar psykisk helse har saman med helsestasjon og oppvekst delteke i TIBIR opplæring, (Tidleg innsats barn i risiko) Eit foreldrerådgjevingsprogram i regi av Barnevernet. Ein er nå i gang med rettleiing av familiar.

Ungdom kjem til Vest-Telemark vidaregåande for å gå på skule. Nokon bur på hybel.

Overgang til ny skule kan vere krevjande. Ved oppstart hausten 2016 fekk psykisk helse om lag 15 henvendelsar. Ungdommen sjølv, foreldre, helsesyster og skule tok kontakt og var uroa. Nokon saker kan ein avslutte etter få samtaler, medan andre treng jamleg oppfølging gjennom heile skuleåret.

Rus: Kommunen har bebuarar med alvorleg rusproblematikk. Her må ein arbeide både tverrfagleg og tverretatleg i kommunen og i samarbeid med spesialisthelsetenesta. Ein må arbeide med behandling, medisiner, samtaler, bu rettleiing, dag aktivitet og omsorg. Psykisk helse har motteke prosjektmidlar til ei russtilling i samarbeid med NAV. Vi har sjukepleiar med spesialkompetanse på rus i 100% stilling. Stillinga skal innehalde både planarbeid, tverrfagleg samarbeid og direkte klientarbeid, førebygging og behandling. Stillinga er organisera i avdeling for psykisk helse.

#### Interkommunalt samarbeid på klientnivå:

Pilgrimsvandring: Også i år var psykisk helse med å arrangere pilgrimsvandring over fjellet til Røldal. Eit samarbeid der heile Vest-Telemark, arbeidsmarkedsbedrifter og DPS er med. Turen vert leia av prostdiakon Eilev Erikstein,



prostidiakonen. Klientar og tilsette utfordrast på samhandling i form av førebuing og gjennomføring.

Vårsamling i Nissedal: Psykisk helse i Nissedal inviterer tilsette og brukara til hagevandring og mat.

Jolemiddag i Seljord: Brukara og tilsette vart inviterer på jolemiddag, med god underholdning.



### **Helsestasjon**

Helsestasjonen er avdeling for helsefremjande og førebyggjande arbeid for barn, unge og foreldra deira. Målgruppa er avgjerande for Tokke kommune si framtid med tanke på befolknings- utviklinga. Med kontaktnettverk i heile barne- og ungdomsbefolkninga har helsestasjonen stort potensiale i samarbeid om enkeltbarn og oppvekstmiljøet. Helsestasjonen driv målretta samarbeid for god helse og utvikling.

Mål: Formidle og gje rett til hjelp tidleg.

#### Jordmorteneste

Nygravide 13 stk., 22 fødsjar: 9 jenter og 13 gutar.

2 fødsselførebuing kurs. Innført tidleg heimebesøk. Sjukevikar jordmor mars-mai. Vikarjordmor mai-des.

#### Helsestasjon 0-5 år

Heimebesøk, helsekontroll og foreldregrupper. 130 barn. 24 barn med ekstra oppfølging: Språkkartlegging alle 2 og 4 år med rutinar for samarbeid foreldre og barnehage. Årleg samarbeidsmøte med tannhelsetenesta. Rekruttering til norskopplæring. 33 barselgruppesamlingar og 21 helsestasjons

dagar med lege og fysio.

Fleire småbarnsfamiliar har motteke TIBIR-foreldrerådgeving.

#### Skulehelseteneste

##### *Grunnskulen:*

Ca. 260 elevar. Fast treffetid 1 dag per veke ved Høydalsmo og Tokke skule. Samarbeid med skulane om blant anna trafiktryggleiksprosjekt, tobakksfri ungdom og oppfølging «Unge & Rus.»

##### *Vidaregåande:*

Ca.200 elevar. Fast treffetid på skulen 1 dag per veke. Det har vore moglegheit til ei ekstra dag med treffetid, grunna prosjektmidlar frå Helsedirektoratet.

Samarbeid om hybelevar, undervisning om psykisk helse: VIP. Helsesøster koordinator i kosthald -gruppe. Delaktig i trafikksikkerhetsdag for russen. Vaksinerer alle avgangselever, stor oppslutning. Med i Ghana solidaritesprosjekt ved vgs. Undervisning ved oppstart alle 1.kl.

#### Helsestasjon for Ungdom/Helsestasjon for ungdom:

Kvar torsdag i samarbeid med psykisk helse, lege og jordmor.

#### Barnehabilitering:

Mål: Heilskaplege og koordinera tenester til barn og unge 0-18 år.

Ansvarsgruppe	Tal gr	Møte	IP
Førskule	3	8	0
Grunnskule	10	43	2
Vidaregåande	2	6	0
I alt	15	57	2

#### Smittevernarbeid

Barnevaksinasjonsprogrammet har nær 100% oppslutning. Tilbod og gjennomføring av vaksinasjon til russ, samt BCG til

helsefagarbeidarar. Gratis HPV vaksining til kvinner født 1991-1996. Innført Hepatit -B vaksining i barneprogrammet frå 01.11.16. Framleis stor etterspurnad av reisevaksining. Auka fokus på smittevern grunna mottak av nye flyktingar.

### Samarbeid

Helsesøster deltek i svært mange samarbeidsfora. Fagteam med lege, fysioterapeut og helsesøster i forkant av alle helsestasjonsdagar for spedbarn, småbarn og skulebarn. Til døme møte med psykiatritenesta, samarbeid med barnevern, basismøte enkeltsaker og basismøte oppvekst. Helsesøster deltar og i tverrfaglig samarbeidsmøter om mottak av flyktingar.

### Prosjekt

Førebyggje uønskt graviditet og seksuelt overførbare infeksjonar held fram. Motteke kr.20.000,- frå Fylkesmannen.

### **Institusjon**

Det har gjennom heile året vore høgt belegg på institusjon, med periodar med over belegg.

Året har vore prega av innsparingar og omorganisering.

Helsesenteret skal redusere brukar plassar og årsverk. Alle desse endringane skapar uro og uforutsigbarhet i organisasjonen. Det har derfor vore fokusert på å ha nær dialog med tillitsvalte, vernetenesta og tilsette. Helgene er prega av mykje vakante småstillingar og til tider mykje ufaglærte på jobb.

Antal dagpasientar har auka gjennom året. Det er fleire pasientar som har behov for dagaktivitet. Det er og fleire pasientar som kommer inn på helsesentret for å ete middag.

---



### **Kjøkken**

God ernæringspraksis er eit viktig satsingsområde for helse og omsorgstenestane. Det er innført fleire tiltak for å sikra at brukarane får riktig ernæring. Både for dei som bur heime og dei som bur på institusjon.

Kjøkken lagar i snitt 60 – 70 middagar pr. dag.

Ny døgnrytme for servering av måltider har vore ein stor diskusjon gjennom siste del av året og det er konkludert med at ei endring må i verksettas i løpet av 2017. Ei framskunding av tidspunktet vil gje betre fordeling av ernæring for brukarane våre.

Rekruttering av kokk har vist seg å vera vanskeleg for avdelinga. I tillegg har eit høgt sjukefråvær prega tenesta.

### **Heimebasera omsorg**

I 2016 før innsparing hadde vi om lag 24 årsverk fordela på 39 tilsette i heimetenesta.. Vi hadde 2016 ca. 110 tenestemottakarar, der vi hadde vedtak på enkle oppdrag som utlevering av dosett og tilsyn, og andre meir krevjande tenestar med oppfylgning fleire gonger i døgnet.

Omorganiseringa har for heimetenesta sin del resultera i andre måtar å tenkje arbeidstid og arbeidsoppgåver på. Fokus er at innbyggjarane i Tokke skal bu heime og meistre kvardagen der, lengst råd, og at dei som bur inne på omsorgssenteret og i tilrettelagde bustader skal deltaka sjølv i større grad, både i aktivitetar og daglegliv. Omorganiseringa har og hatt ei økonomisk side, med beskjed om innsparingar. For heimetenesta sin del har dette medført ei

innsparing på 2.86 % stilling.

Vi har redusert med 1.73 % stilling i Høydalsmo, 0.63 % ved omsorgssenteret og 0.50% heimehjelp. På slutten av året vart desse innsparingane satt i verk.

Sidan me har redusert med 1.73 % stilling i Høydalsmo frå 01.11.16 er der no ikkje fast personale dagleg frå 07.00 til 15.00. Det er såleis frå 01.11.16 slik at heimesjukepleia har oppfølging av bebuarane, med tilsyn og hjelp morgon og ettermiddag/kveld og elles når det er nødvendig. Ei heimehjelp er stasjonert ved alderspensjonatet torsdag og fredag, i tillegg har heimevaktmeister oppgåver der på fredagane.

Det å yte ekstra tenester ut mot sårbare grupper krev både tid og kompetanse.

Vi hadde i 2016 rom til å frigjera personell i turnus, der dei hadde dagar med arbeid inn mot KOLS, kreft og demens, og dermed kapasitet til ekstra innsats inn mot menneske som slit med kroniske lidingsane. Vi hadde også 3 av våre medarbeidarar med inn i kvar dagsmeistringsteamet.

I 2016 har vi hatt 3 medarbeidarar i gang med desentralisert vidareutdanning.

Ein sjukepleiar innan kreft (ferdig i 2018) og to fagarbeidarar innan nevrologiske lidingsar (ferdig i 2017).

Styrking av kompetanse er viktig i høve til at vi stadig får pasientar raskare heim frå sjukehus, og med alvorlegare sjukdomstilstandar.

### **Åheim bufellesskap**

På Åheim jobbar me målretta for at utviklingshemma i kommunen skal ha eit godt og meningsfylt liv. Me har fortsett med 12-timars turnus, noko me ser er positivt både for brukarar og tilsette. Det gjev betre og meir forutsigbare tenestar for denne brukargruppa. Talet på småstillingar har minka betrakteleg og me har spara inn ein del på stillingar ved betre utnytting av ressursane.

Me har avlastningstiltak og oppfølging av heimebuande brukarar. I 2016 hadde me ein periode med eit ressurskrevjande tiltak kring ein brukar

Me har også fleire ressurskrevjande brukarar som krev tett oppfølging i dagleglivet.

Medarbeidarsamtaler og vernerunde er gjennomført og det tyder på at tilsette trives på jobb og at arbeidsmiljøet er godt på avdelinga.

Alle brukarane som bur på Åheim har dagaktivitetstilbod gjennom KVITO, noko me ser er eit kostbart tiltak for avdelinga. I 2017 vil me sjå på moglegheiter for å skape eit eige tilbod i kommunen til nokon av brukarane.

Dette meiner me vil vera verdiskapande for kommunen og me nyttar ressursane lokalt.

Det er også store utgifter i forhold til transport i denne tenesta.

Elsar det fortsatt ei utfordring at det er meir kveldsvakter enn dagvakter i avdelinga. Det gjev utfordringar i forhold til turnus og rekruttering av fagpersonell.

På grunn av innsparingar og vikarstopp har mange vakter i 2016 vore underbemanna. Me ser at dette kan gje negative konsekvensar i form av mindre grad av sjølvbestemmelse og problem åtferd.



### **Folkehelse**

Det har vore utfordrande å prioritere folkehelsearbeid gjennom året. Det har vore lite systematisk jobba med planarbeid. Største grunnen til det er lite kapasitet. Det har vore jobba tverretatleg med folkehelseplan. Denne er ikkje heilt ferdig.

## Handlingsprogram helse- og omsorgsetaten 2016

Utfordringar og tiltak	Mål	Status 31.12.16
Omorganisering og gjennomgåing av tenestar i helse og omsorgsetaten	Målet er å gjennomføre ei endring som effektiviserer bruk av resursar og som er med på å utvikle tenestane.	Gjennomført og blir tatt vidare i helse og omsorgsplanen
Sikra systematisk rekruttering av kompetanse, samt behalde personale i helse og omsorgsetaten	-Laga utviklingsplan for sentrale fagområde i helse- og omsorgsetaten.	Er delvis gjennomført. Rekrutteringsplan blir tatt med vidare til 2017.
Sikra fagutvikling innafor sentrale område som demens, KOLS og førebyggjande helsetenestar	Laga utviklingsplan for sentrale fagområde i helse- og omsorgsetaten.	Starta opp, vil bli ferdigstilt 2017
Laga ny helse og omsorgsplan til politisk behandling	Målet er å sikra tenestane og laga plan for dei neste 10 åra.	Starta opp, vil bli ferdigstilt 2017

Mål for felles satsingsområde er gjennomført og handtert som del av det ordinære arbeidet.

## Planområde 4 – Plan, næring og kultur

### Økonomi – avvik

DRIFTSREKNESKAPEN 2016						
Ansvar	Tekst	Rekneskap 2016	Budsjett 2016	Rev. budsjett 2016	Avvik	Forbruk i %
410	Plan- og næring - administrasjon	1 712 643	2 232 446	2 232 446	519 803	77
411	Ymse tiltak	79 000	30 000	30 000	-49 000	263
420	Kulturadministrasjon	747 678	1 075 374	1 075 374	327 696	70
421	Kino	-809	-996	-996	-187	81
422	Samfunnshus	661 478	590 755	590 755	-70 723	112
423	Ymse kulturføremål	1 784 372	1 690 000	1 690 000	-94 372	106
431	Fritidsklubbar	535 324	617 340	617 340	82 016	87
432	Ymse	674 034	1 174 674	1 174 674	500 640	57
433	Kulturtiltak	16 082	0	0	-16 082	
441	Tokke folkebibliotek	1 200 884	1 249 955	1 249 955	49 071	96
442	Høydalsmo bibliotek	90 941	96 505	96 505	5 564	94
451	Landbruk	179 651	260 219	260 219	80 568	69
452	Kommuneskogen	-72 370	-17	-17	72 353 -	
453	Turistføremål	465 274	474 272	474 272	8 998	98
454	Næringstiltak	-140 047	280 000	280 000	420 047	-50
455	Ymse(viltforvaltning,syss.prosj.)	179 884	274 727	274 727	94 843	65
460	Kart og oppmåling	33 638	22 746	22 746	-10 892	148
		8 147 660	10 068 000	10 068 000	1 920 340	81

#### Driftsresultat

Plan, næring og kulturetaten har hatt eit stort underforbruk i 2016, grunna vakante og/eller inndregne stillingar innan kultur og næring, samt landbruk. Kulturhusleiarstilling som blei ført 50% på næring var søkt gjort om til næringskonsulentstilling. Stillinga blei ikkje vedteken vidareført og lønsmidlane er spart inn for halve 2016. Kulturkonsulentstilling blei utsett utlyst/vidareført i påvente av mogleg overføring av kultur til oppvekstetaten. Landbrukssjefstilling har stått vakant frå slutten av november.

Oppgåvene til desse stillingane var løyst dels gjennom innleige, dels gjennom omfordeling internt.

Underforbruk innan kultur skuldast i hovudsak kommunal eigendel av spelemidlar som må overførast til 2017, innan næring – ubruka landbrukstilskot. Noko feilføring/ budsjettering innan kulturområdet slår ut på m.a. ansvar 411.

#### Avvik og sjukefråver

Det var ingen registrerte avvik på planområde 4 i 2016. Sjukefråveret samla sett var på 3,1%.

#### Kultur

##### Barne og unge

Ungdomsklubben har hatt ope tre dagar i veka med svært godt oppmøte fredagar, med meir varierende oppmøte midt i veka.

Ungdomsklubben har tett samarbeid med Fyresdal ungdomsklubb om ulike arrangement og klubbkveldar. Blant dei større arrangementa var det besøk av 100 ungdommar i april frå Rjukan, i tillegg til Zululan i Kviteseid, leiarutviklingskurs for ungdom og eit samarbeidsprosjekt med biblioteket «Nordic Game Day».

Klubbarbeidarar har delteke på BUFF seminar og Landskonferanse for ungdom og fritid.



Ungdomsklubben på Dalen

#### Kulturhus, Tokkebad og kino

Tokke kulturhus har hatt noko mindre aktivitet i 2016, vi har eit lågare budsjett og mindre ressursar til å drive egne arrangement. Me har søkt å få til samarbeid mellom lag/ foreiningar, næringsliv og kommune til å stelle til arrangement, der kommunen evt støttar med underskotsgaranti eller tilskot.

År →	2013	2014	2015	2016
Artistkjøp	335 000	394 000	377 000	201 340
Billettsal	101 460	297 000	228 600	146 802
Resultat	- 70 185	3 030	- 98 925	- 54 538

Kulturhuset har eit godt tilbod når det gjeld kino. Besøkstalet held seg rimeleg stabilt, men varierar i høve til antal framsyningar (tal i parantes) frå år til år:

År →	2014	2015	2016
Publikum	1931(19)	1811(18)	1869(18)

I 2016 opna ikkje badet før 8. oktober, nesten ein måned etter vanleg sesongopning.

År →	2013	2014	2015	2016
Billettsal i kr	94 540	109 447	96 258	86 650
Badande	4078	3763	3650	3177

Grimdalsmuseet blei i 2016 vedteke lagt inn under Vest Telemark museum. Staten gjekk inn med 500 000,- i årleg løyving og

kommunen auka si støtte til Grimdalsmuseet med 200 000,- for å få på plass finansiering av konsolideringa.

Tokke ligg framleis høgt på Kostra – tala innan kultur og bruka 7 428,-/ per innbyggjar i 2016, der snittet i Telemark er 2 408,-.

Verne- og restaureringsprisen 2016 gjekk til Jon Aslak Austjore for restaurering av gamle bygningar på eigedom sin, og kulturprisen gjekk til Guro og Gard Mandt for film-/formidlingsarbeid gjennom mange år.

## **Bibliotek**

Tokke bibliotek kan syne til høg aktivitet også i 2016. Besøkstalet for fjoråret er 15 284, inkl. 773 ved filialen i Høydalsmo. Dette er ei god auke frå 2015 (14 709). Og det gjev eit snitt på 6,8 besøk per innbyggjar, noko som ligg høgt over landsgjennomsnittet for bibliotek i kommunar med 2-3000 innbyggjarar (Folkebibliotekstatistikken 2015: 3,6 besøk).

Tilvekst av bøker, lydbøker, film og tidsskrift i 2016: 2192 (2015: 2075)

Utlånet er stabilt, 17 164 + 102 e-bøker, samanlikna med totalt 16 957 i fjor. Snittet er 7,7 utlån per innbyggjar. Dette er også langt over landsgjennomsnittet for kommunar av vår storleik (2015: 3,4). Rolla som skulebibliotek er nok den viktigaste årsaka til dei gode besøks- og utlånstala. Mange klasser kjem på biblioteket fast kvar veke, og barn og unge er generelt flinke til å bruke biblioteket i vår kommune. I 2016 var Tokke bibliotek med på kampanjen *Sommarles* for andre gong. Det gode samarbeidet med skulane og eit grundig forarbeid frå biblioteket si side, gjorde at kampanjen vart ein suksess. Tokke var den kommunen med størst deltakingprosent i Telemark (59,6%), også blant dei 10 beste i landet. Det gode resultatet vart feira med sjampanjebus og premieutdeling i skulegarden, og mange elevar ventar spent på Sommarles 2017.

Det har vore ulike arrangement ved biblioteket i løpet av 2016. Den årlege bibliotekveka vart som vanleg markert, det var forfattartreff, ordføraren las for ungene og ein hadde konkurransar.

I samband med det amerikanske valet og under mottoet "Make reading great again" stelte biblioteket i stand ein open valfrukost på kulturhuset. Nærare 200 møtte fram og vart mette på pannekaker, bacon og lønnesirup.

19.11 var Tokke bibliotek for fyrste gong med på Nordisk speldag, ei feiring av dataspel og andre typar spel og leik ved mange bibliotek i Norden. Biblioteket samarbeidde med Dalen ungdomsklubb om å tilby ulike aktivitetar frå kl. 11 laurdag føremiddag heilt fram til søndag morgon. Om lag 60 ungdommar deltok på datavaka, elles var det mange ungar og barnefamiliar innom på dagtid.

I desember inviterte biblioteket til utstilling av peparkakehus, med bygg i Tokke som tema. Det kom inn fleire flotte bidrag. Biblioteket var med på den årlege barnehagedagen ved kulturhuset, den 19.12. Ein triveleg dag med musikk og formingsaktivitet, lesestund og julegraut.

Tokke bibliotek fekk ei tildeling på kr. 30 000 av Nasjonalbibliotekets arenaviklingsmidlar for 2016. Desse pengane gjekk til lerret og projektor, samt tilrettelegging for meir fleksibel bruk av bibliotekromet. I oktober var det frist for å søkje om arenaviklingsmidlar for 2017, og i desember vart det kjent at Tokke fekk kr. 90 000 til vidareutvikling av bibliotek og kulturhusfoajé. Biblioteket fekk også ei tildeling frå Kommunal- og regionaldepartementet på kr. 20 000, til intern kompetanseheving. Dette som ei førebuing for å kunne gje tilbod til innbyggjarane om

opplæring i digital kompetanse ved biblioteket.

Bodil Oterholt, biblioteksjef sidan 1992, gjekk av med pensjon i august 2016. Ny biblioteksjef er Benedikte Nes.



I august fekk biblioteket ein språkpraktikant frå Etiopia, og seinare på hausten starta ein hospitant gjennom avtale med Seljord Personal. Begge har hatt praksis ved biblioteket to dagar i veka.

I 2016 fekk biblioteket utvida oppgåver i høve til booking/ koordinering av bruken på kulturhuset.

## Næring

Næringsplan og nye vedtekter til næringstiltak vart vedtekne i 2016. Dei største tilskota til næringstiltak i tillegg til dei faste, årlege utbetalingane var Godtland rør og industriservice AS (50 000), og Skodde Studio AS (34 000), Free Wheeling Norway (18 000) og Ewa Hårstudio (17 000) og Bandak Camping (40 000).

Byregionprogrammet i Vest – Telemark, der Tokke er søkjarkommune, la ut arbeidet med dei ulike delane av programmet ut på anbod. Arbeidet har som mål å skape attraktivitet og utvikling knytt til næringshagemiljøa i Vest – Telemark og eksisterande næringsliv. Ei av gruppene jobbar òg med bustadattraktivitet i regionen. Arbeidet skal sluttførast i løpet av 2017.

Arbeidet med etablering av næringshage på Dalen stoppa opp i 2016, i påvente av Scana Mar-el sitt engasjement i nytt eigedomsselskap som var under stifting. Midlar på 300 000,- som var løyvd til utviklingsarbeid i næringshagen var av den grunn ikkje utbetalt i 2016.

I samband med planar om utbygging av mobilsambandet i Mo, vart det løyvde kr 100 000,- som delfinansiering frå Tokke kommune. Øvre Lårdal fekk ny mobilmast på Heimdal og 4G – dekning i starten av 2016. Fibernodeutbygginga på Åsland – Buøy – Vistad – Gullkopp vart sett i drift i januar 2016.

Fotballprosjektet PVT «Prosjekt Vest– Telemark» vart delfinansiert for 2016 saman med Vinje kommune.

På Hallbjønnsekken gjekk kommunen inn i eit samarbeidsprosjekt med Feltspatkompaniet på sørsida og Hallbjønn Eigedom på nordsida, men tanke på betra samarbeid om marknadsføring og andre tiltak for å auke attraktiviteten til området.

Høydalsmo fekk avslag av Fylkesmannen på søknad om å få status som «typisk turiststad» med tanke på å få halde sundagsopne forretningar.

Rodney Omdal Karslen fekk eit års opsjon på kjøp av næringstomt ned mot Oftevatn i Høydalsmo, til 31. august 2017. På Vistadmoen industriområde fekk Per Bjerke kjøpe tilleggsareal til møbelverksemda si med tanke på utviding.



## Landbruk og miljø

Ny landbruksplan for ein 4-årsperiode vart vedteken i 2016. Denne vidarefører satsingane

som har vore seiste åra, men der maksimalt tilskot til driftsbygningar vart høgna frå 300 000,- til 400 000,- (maks 20%). I 2016 fekk me ingen søknader om tilskot til driftsbygningar. I budsjettvedtaket vart det difor

Årstal	2016	2015	2014	2013	2012
V.f.s	2758	2845	2797	2871	2742
Tal brukarar	33	34	34	33	36

Tilveksten i skogane i Tokke er ca. 45.000 m<sup>3</sup> pr. år . I 2016 vart det avverka 33 509 m<sup>3</sup> til ein verdi på kr 10 mill.

Stamma av elg har gått kraftig ned og dei siste åra har ein difor gjort grep for å stabilisere stamma, ved at minstearealet vart sett til 4.000 da. Talet på hjort held seg stabilt eller litt veksande.

Det er relativt få lovforvaltningssaker på landbruksområdet. Nye reglar i 2009 som definerer ein landbrukseigedom, endra ein god del. Nye reglar om at skogar med mindre tilvekst enn 100 m<sup>3</sup> ikkje er næring, gjer at mange skogar på 500 da ikkje er næring. Gjennomsnittleg storleik i Tokke er 750 da. Prisivurderingstaket er lyft til kr 1,5 mill. Dette kan bli auka. Det gjer at det er lite støy rundt konsesjonssaker dersom ein buset seg på eigedomen.

PNK – etaten bidreg inn i arbeidsgruppa som jobbar med tiltak i Tokkeåi for å fremje levekåra for Bandakaueren.

### Reiseliv

#### Turistkontor

Besøktal mai-august: totalt 6084 personar. Nedgang frå 2015. Me tel manuelt, så det kan vere ein del svinn på hektiske dagar, i tillegg til at me er samlokalisera med Hekti og utfordrande å skilje mellom kundar til kafé og kundar til turistkontor. Nasjonalitetar: Noreg på topp, etterfølgd av Nederland og Tyskland. Også ein god del frå Frankrike og våre naboland Sverige og Danmark.

Andre spanande nasjonalitetar: Malaysia, Island, Tsjekkia, Russland, Australia, Italia, Bulgaria, Sveits, Estland, Belgia, Polen,

vedteke å overføre 400 000,- ubruka midlar til 2017, føresett positivt rekneskapsresultat.

Nedgangen i søkartalet på produksjonstillegg har stoppa litt opp. Me ligg no på 44 søkarar med dyr og 65 som søker på areal. Tokke er Telemark største sauekommune, der den gjennomsnittlege storleiken er på 112 vinterfora sauer. Utvikling av antal vinterfora sauer og bruk har vore slik siste åra:

Hviterussland, New Zealand, Irland, USA (Hawaii) og Panama.

Turistane er interessert i natur, dyreliv, vandring, kultur, museum, Telemarkskanalen, aktivitetar i natur som fiske, sykkel og padling. Fleire guida tilbod, som t.d. guida tur til Rui, elgsafari og beversafari blir etterspurt. Hest og riding er også etterlyst, også fleire aktivitetar og tilbod til born og unge utover kanalparken og gruvene. Bør sjå på om me ikkje kan få til eit lågterskeltilbod ift. fotografering/oppleving av natur og dyreliv – i samarbeid med Jostein Hellevik og/eller Skodde Studio.

Suvenirar med motiv/logo frå Dalen også etterspurt. Bør sjå på om me ikkje kan få til produkt me kan selje med motiv frå Dalen og Tokke og natur/dyr, som t.d. postkort, fotografi, plakatar, magnetar m.m. Her er både Jostein Hellevik og Skodde Studio aktuelle som leverandørar av motiv.

Tradisjonell norsk mat er også etterspurt! Som t.d. rjomegraut, spekemat, kjøttkaker, elgkjøt, aure. Kafeen på VTM har hatt tilbod om rjomegraut innimellom, men elles er det lite utval dessverre.

Sykkelutleige hjå Dalen Bed and Breakfast slutt på midt i sesong 2016. Dalen bør ha tilbod om sykkelutleige, me er Syklist Velkommen turistkontor. Omsetning: 45.065,-

#### Dalen Bryggjeutstilling

Utstillarar 2016: Jonny Andvik, måleri, Gerd Danbolt Svalastog, keramikk og Hilde Grandal, smykker. Opning 20. mai kl. 17. Underhaldning ved Ragnhild Rose Knudsen og Torunn Raftevoid Rue frå gruppa Glima saman med kvedaren Ragnar Haugstøl. Ca. 3000 besøkande inntot totalt. Utstillinga open 21.mai til 19. juni laurdag og sundag kl. 13.30-

18.30 og 24. juni til 7. august. Me prøva med opning til 18.30 for å evt. fange nokon av båtpassasjerane på kanalen, utan hell. Opning 12-17 for 2017 sesongen.

#### Kanalbåtvelkomst

Tradisjonell båtvelkomst arrangert i mai, med velkomst for Henrik Ibsen fredag 20. mai og for Victoria 21. mai. Fredag velkomst i samband med opning av bryggjeutstillinga. Velkomst ved ordførar, blomeoverrekking til kaptein og båtpassasjerar og underhaldning ved Glima, Tokke skulemusikk og Lårdal barnekor.

#### Gratis omvising Tokke kraftverk

Gratis omvising med tre stasjonar; bryggjeutstillinga, tømmerfløyting og kraftverk. Alle kvardagar i perioden 20. juni til 12. august. Dette er eit samarbeidsprosjekt mellom Statkraft, Vest-Telemark museum og Dalen Turistkontor. 206 stk. nytta seg av dette tilbudet.

#### Vandring

Dalen utpeikar seg som ein av dei store vandredestinasjonane i Telemark. Av totalt utvalde 25 turstiar totalt i VandreTelemark, har Dalen og Tokke heile 5 av desse. Turstien Helveteshylen med hengebrua over Helvete er det nyaste tilskotet vårt inn i VandreTelemark, ferdigstilt i 2016 med eigen miniguide, skilting og informasjonstavler undervegs. Opningstur Lårdalstigen 4. juni i regi av Lårdal Vel. 130 betalande. Strålende sol! Denne opningsturen med på å finansiere vedlikehald av turstien.

Rui: Teljar på stien viser ein totaltrafikk på 10.144 for heile 2016, 6788 frå mai til september.

#### Pressedekning

Her kan nemnast:

- «Alt for Norge» - program på TVNorge på besøk i mai, med m.a. feiring av 17.mai på Dalen.
- Hamaca Reiseblogg på besøk i juni. Samarbeid med Dalen Hotel. Hamaca Reiseblogg ved Ingeborg Lindseth vart kåra til Noregs beste reiseblogg i 2016. Besøket resulterte i to flotte innlegg på hennar nettside, og delt på sosiale media.

<http://www.hamacareise.com/bilferie-norge/romantisk-weekend-langs->

[telemarkskanalen-eventyrhotellet-pa-dalen/](http://www.hamacareise.com/bilferie-norge/rui-jentene-eidsborg-museum-middag-dalen-hotel/)

<http://www.hamacareise.com/bilferie-norge/rui-jentene-eidsborg-museum-middag-dalen-hotel/>

- Kappløpstunt mellom brødrane Solli Tangen i regi av Visit Telemark, frå Dalen Hotel til Skien i båt versus sykkel. Delt på Facebook.
- Dalen bryggjeutstilling omtalt i lokale og regionale aviser, og annonser i Dagbladet.
- Hjemmet – reportasje om Rui-jentene. Delt på sosiale media, til stor jubel.
- BBC - Planet Earth II med innslag om kongeørn frå Tokke og Dalen Villmarkssenter.
- Dalen Hotel mykje omtale i regionale aviser, påskeutgåve av Kamille og utanlandske bloggar, m.a. med bryllaupstema.

Flittig bruk av sosiale medier som Facebook og Instagram har mest seg å vere ein effektiv marknadsføring for Mesit Dalen. M.a. har Instragram kontoen til Visit Dalen gått frå 15 følgjarar i februar 2016 til 450 følgjarar i februar 2017. Dette utan noko anna marknadsføring av kontoen enn å ha aktivitet der og dele fine motiv frå Dalen og Tokke. Stor delingsverdi, både på Instagram og Facebook. Av populære innlegg med høg delingsverdi og aktivitet, kan nemnast Rui/Rui jentene og tema vandring, og då spesielt Lårdalstigen. Ein ser at #visitdalen og #tokke er i jamleg bruk, noko som tyder på at me stadig rekrutterer ambassadørar for Dalen og Tokke.

#### Vest-Telemark Museum

God sesong, omsetningsauke på museet i Eidsborg. Besøktal i 2016 14309 mot 16346 i 2015 (kanalparken ny i 2015).

#### Overnatting

Dalen Hotel melder om 8362 gjestedøgn i 2016, ei auke frå 2015. Omsetning på 16.2 mill. i 2016 mot 15 mill. i 2015. Total omsetning for hotell, bryggjekafe og båt 22 mill. frå april til oktober.

Dalen Bed and Breakfast melder om stille mai og juni måned, rekord i juli og august.



Småbåthamna hadde besøkande 100 båtar, og bubilparkeringa 282 bubilar, ei auke frå 2015.

#### Telemarkskanalen

Talet på passasjerar i rute på kanalbåtane hadde ei hyggeleg auke på 9 % frå 2015. Chartertrafikken derimot hadde ein nedgang på 8 %. Slusing av fritidsbåtar, som har gått jamt nedover i mange år, fekk ein veldig positiv oppgang. + 7 % i Skien og + 26 % i Ulefoss.

M/S Henrik Ibsen:

18. mai 2015 – slutt sesong	
2015	6.658 inkl. charter i perioden
18. mai 2016 – slutt sesong	
2016	7.334 inkl. charter i perioden

#### Marknadsføring og sal:

Etter ein prosess blei salsarbeidet omorgansiera. Eigarane av MS Henrik Ibsen og Dalen Hotel – Norwegian Travel Group - overtok bookingansvaret frå Visit Telemark. Båtselskapa, regionalparken og Visit Telemark


starta eit toårig salsprosjekt med eigen salssjef for Telemarkskanalen frå 1. oktober 2016.

#### **Plan**

Samfunnsdelen av kommuneplanen 2016 – 2028 vart vedteken i 2016, samt ny planstrategi for perioden 2016-2020. Ein ny reguleringsplan for vegar i hyttefelt vart vedteken og det vart gjeve 4 dispensasjonar frå plan og ei reguleringsendring politisk, samt 4 mindre, administrative saker.

#### Kart og oppmåling:

I 2016 blei dei gjennomført 39 frådelingar/arealoverføringar og 10 grensepåvisningar. Tokke har kjøpt abonnement på kartverktøyet *Kommunekartproff* for nett og app, dette for å halde oss ajour på nye digitale karttenestar. Nye geovekstprosjekt er i gang, som gjev nye oppdateringar av kartgrunnet i kommunen.



Utsnitt av kartløsninga kommunekart med m.a. ledige bustadtomter og 3D funksjon.

Elektronisk tinglysning og oversending av eigarfråsegrner på konsesjonssøknader i matrikkelen er i ferd med å bli ein del av systemet. Overgang til SOSI-versjon 4.6 på FKB-data, planlagt sentrallagring av FKB-data i 2017.

Kart- og oppmålingsingeniøren har i 2016 også bidrege i arbeidet med habitattiltak i Tokkeåi, målearbeid i samband med flaumsikringsprosjektet på Dalen, samt administrative lovsaker i samarbeid med plan, byggesak, landbruk og teknisk.

#### Byggjesak

For 2016 hadde me 75 byggesaker med stort og smått, fem nye hytter men ingen nye bustadar mot to i 2015. Resten av søknadane er i hovudsak tilbygg til hytter og hus, samt

garasjar og driftsbygningar. Det kom ei endring i PBL frå 1 juli 2015 om ein del tiltak som nå er unntatt søknadsplikt, garasjar opp til 50m<sup>2</sup>, tilbygg opp til 15m<sup>2</sup> osv. Det verkar som at desse reglane fungerer greitt, og mange ringer kommunen for å avklare om deira tiltak er innafor desse grensene. Det er veldig mange som ynskjer å stå ansvarleg for- og sende inn byggesøknaden sjølve for å spare pengar på å bruke ein ansvarleg søkar, dette er lov til på eige hus og hytte, men det medfører ein del ekstra arbeid med rettleiing i søknadsprosessen.

Byggjesakshandssamar har jobba mykje med flaumsikringsprosjektet på Dalen i 2016, samt næringsarealet på Høydalsmo.

## Rapportering handlingsprogram

Utfordring og tiltak	Mål	Status 31.12.16
Utarbeiding av planstrategi	Lovpålagt plan der ein må prioritere planarbeid i komande valperiode	Vedteke i november.
Evaluere og revidere landbruksplan, vidare stønadsnivå fram til ny plan og retningsliner ligg føre.	Jfr. Planstrategi. Oppretthalde og utvikle eit aktivt landbruk i heile kommunen.	Revidert plan vedteke i november.
Jobbe vidare med utvikling av næringshagemiljø og næringsareal. Aktive i ByReg - program og Dalen Næringshage AS.	Nye arbeidsplassar, styrke kompetansmiljø og utvikle næringslivet gjennom lokalt og regionalt samarbeid	Dalen næringshage satt på vent. Næringshageareal Høydalsmo: Jobbar med opparbeiding av areal. Opsjon gjeve til aktør for handels-/ leilegheitsbygg.
Bruke eigne ressursar optimalt, søkje eksterne midlar å få til meir arrangement for born og unge, samarbeid kulturskule og VGS.	Gjere oss attraktive for småbarnsfamiliar/ born/ unge. Skape positive møteplassar også for aldersgruppa 16-19.	Lite kapasitet til å prioritere dette nå, vakant stilling på kultur i 2016.

### Rapportering felles innsatsområde:

PNK – etaten gjennomførte folkemøte på kulturhuset i november, i samband med oppstart av arbeid med frivilligsentral i Tokke. Dette la grunnlaget for vidare arbeid i 2017. Elles er dette handtert som ein del av den ordinære drifta.

Planområde 5 - Teknisk etat

Økonomi

DRIFTSREKNESKAPEN 2016						
Ansvar	Tekst	Rekneskap 2016	Budsjett 2016	Rev. budsjett 2016	Avvik	Forbruk i %
500	Utviklingsutvalet	72 628	83 499	83 499	10 871	87
510	Teknisk sjef - felles	1 373 440	1 512 324	1 993 317	619 877	69
519	Avg.pl.sal - teknisk	-92 939	-50 000	-50 000	42 939	186
530	Maskinpark	42 647	60 009	97 009	54 362	44
541	Vassanlegg	-1 843 647	-1 912 988	-2 344 990	-501 343	79
542	Avløpsanlegg	-2 088 260	-3 134 987	-2 908 995	-820 735	72
543	Renovasjon	-229 444	-200 000	-200 000	29 444	115
551	Kommunale vegar	3 412 971	3 509 022	3 843 026	430 055	89
553	Gateljos	292 006	308 200	308 200	16 194	95
561	Brannvern	2 701 144	2 440 009	2 713 005	11 861	100
562	Feiing/brannsyn	-88 834	-40 000	-40 000	48 834	222
570	Bustadføremaal - felles	-5 109	-4 000	-4 000	1 109	128
580	Eigedomsforvaltning - felles	-25 551	0	0	25 551	
581	Bygningar	14 764 689	16 289 907	15 474 931	710 242	95
582	Uteanlegg	408 785	555 005	450 998	42 213	91
		18 694 525	19 416 000	19 416 000	721 475	96

Driftsrekneskapen gjekk i 2016 med kr 721 000 i pluss, med eitt totalforbruk på 96%. Underskotet i 2015 var på kr 2 484 000. Årsakene til det gode resultatet i 2016 er i hovudsak innsparing ved å halde stillingar vakante. I tillegg vart det i 2016 innført innkaupsstopp av rådmannen. Denne vart nøye fylgd opp av tilsette, og det bidrog også til det positive resultatet. Etaten har hatt jamleg budsjettkontroll og oppfylging. Sjølvkostrekneskapen syner at full kostnadsdekning er nådd i 2016 på vatn og avløp, 1 år før budsjettet.

Dette har og samanheng med at stillingar har stått vakante. Overdekning på kr 664 000 er såleis avsett til bunde driftsfond til dekning av seinare utgifter og/eller tilbakebetaling til innbyggjarane.

### Investeringar

Av dei prosjekta som vart vedteke i budsjett og oppført på investeringsplan for 2016 er dei fleste gjennomførte eller vert avslutta i 2017.

Prosjekt	Namn	R-2016	Rev. B-2016	Avvik	Forbruk i %
6018	Industrioppvaskemaskin Tokke helsesenter	103 657	104 000	343	100
6130	THS personalgarderobe - vaskeri	52 827	53 000	173	100
6153	Ombygging bad helsesenter	156 784	100 000	-56 784	157
6157	Flaumsikring Dalen - parsell 1	2 061 662	2 000 000	-61 662	103
6162	Flaumsikring Dalen - parsell 2	2 730 090	2 000 000	-730 090	137
6163	Flaumsikring Dalen - parsell 3	3 663 931	3 000 000	-663 931	122
6220	Vassanlegg Dalen - oppgradering 2016	345 371	350 000	4 629	99
6223	Høydalsmo vassanlegg	298 064	300 000	1 936	99
6445	Teknisk utgreiing VA Skafsåheia	72 829	100 000	27 171	73
6454	Opparbeiding næringsareal	139 271	140 000	729	99
6571	Kunstgrasbane Dalen	6 642 316	6 800 000	157 684	98
6770	Kommunale vegar - 2016	540 369	541 000	631	100
7152	RA 46212 Mannskapsbil brannvesenet	712 500	712 500	0	100
		17 519 671	16 200 500	-1 319 171	108

Investeringsprosjekt for 2016 har vore følgjande:

- Inn med ny industrioppvaskmaskin på Tokke omsorgssenter
- Fortsatt prosjektet med oppgradering av vassverket i Høydalsmo - prøveboring
- Fortsatt prosjekt med resipientundersøking av Førsvatn på Hallbjønnsekken
- Utbetring av kommunal veg til Midjåsåsen – breidde vegen i nokre parti
- Ferdigstille ombygging av vaskeri og personalgarderobar Tokke helsesenter
- Ferdigstille oppstart av prosjektet kunstgrasbane på Dalen
- Fortsatt prosjekt med oppgradering av bad på Tokke Helsesenter
- Byrja prosjektet med flaumsikring mot Tokkeåi, del 1, parsell 1, 2 og 3
- Ferdigstille prosjektet med montering av UV-anlegg på vassanlegget på Dalen

Meirutgiftene i tabellen er dekt av ubudsjetterte større refusjonar frå NVE i samband med flaumsikringa.



*Arbeid med flaumvoll i 2016. Bilete frå flaumvollen ved fotballbanen*

## **Avvik**

Planområdet har hatt 10 avvik i 2016, av desse er 8 lukka. Dei to som ikkje er lukka vil verta utbetra i 2017.

## Sjukefråvær


Total sjukelønsrefusjon i 2016 var kr 814 507.

År	Dagsverk	Fråværs%	Korttids%	Langtids%
2014	456	5,39	1,49	3,90
2015	563	6,72	1,82	4,91
2016	717	9,00	1,35	7,65

Auken i sjukmeldingar skuldast hovudsakleg sjukmeldingar knytt til operasjonar og langvarige helseplager. Teknisk etat har eitt tett samarbeid med NAV og bedriftshelsetenesta for å legge til rette og tilpasse arbeidsoppgåver og belastning for dei aktuelle arbeidstakarane.

## Tidsbruk

I tillegg til administrasjons- og forvaltningsoppgåver har teknisk etat sine viktigaste område innan planområde 2, 3 og 4. Tidsbruken for eigen tilsette på uteavdelinga fordeler seg slik på fylgjande område:



Område	2016	2015	2014
Skule og barnehage	14,53 %	14,92 %	14,82 %
Helse	13,14 %	7,79 %	9,91 %
Komm.vegar	11,17 %	11,69 %	8,70 %
VA	25,81 %	24,81%	21,43 %
Kultur	12,51 %	13,13 %	11,97 %
Brann	0,39 %	0,36 %	0,81 %
Kommunale bustadar	3,79 %	4,93 %	6,90 %
Arbeidsleiing	6,66 %	1,83 %	5,94 %
Prosjekt	11,98 %	4,05 %	6,48 %



## Opplæringsaktivitet i planområdet

- Varme arbeider for alle på uteavdelinga
- Fagdag VA-avdelinga

## Utløyste oppgaver og utfordringar

Ein vil i 2017 fortsetje fokus på budsjettkontroll innan teknisk etat. Ein vil også bruke tida for å finne kva nivå ein skal ligge på med tanke på tal på tilsette i administrasjonen. Ein ser det som viktig at ein fortset arbeidet med å fortsatt halde budsjettet, og for å oppnå det gjere reelle vurderingar i forhold til eventuelle innstrammingar, omprioriteringar, organiseringar, auka rammer og fokusområde for etaten.

Ein vil også i 2017 få avklart ansvarsområda mellom etatane i forhold til utgifter og vedlikehaldsansvar. Kvar skal utgiftene først, og kva vedlikehaldsansvar skal ligge til kva etat.

I tillegg har etaten fokus på fylgjande:

- Prosjektering av flaumsikring mot Tokkeåi del 2
- Hovudplan VA-nettet Dalen
- Maskinplan
- Skiltplan
- Pågåande prosjekt

## Driftsstoda

Driftsstoda i administrasjonen på teknisk i 2016 har vore utfordrande. Stillingar har vore haldne vakante for å nå eit positivt driftsresultat, samt ha handlingsfrihet for rådmannen i samband med etatsvurdering og struktur.

I 2016 var administrasjonen utan eigedomsforvaltar i 12 månadar og i tillegg utan VA-ingeniør dei siste 6 månadane. I mars 2016 vart det tilsett ein driftsoperatør, slik at i siste halvdel av 2016 var det 3 driftsoperatørar.

Reinhold har hatt ein stabil arbeidsstokk. Ein del stillingsheimlar er redusert på grunn av uføretrygd og permisjonar, dette er teke inn i ambulerande teneste og har ført til ein nedgang i talet på årsverk.

Brannvesenet har hatt 27 utrykkingar i 2016.

Tokke kommune slit med etterslep på vedlikehaldet av kommunal bygningsmasse.

Vedlikehaldsplan vert nytta som eitt verktøy både for driftsplanlegging, investeringsplanlegging og planlegging av ressursbruk.

Det har vore eitt hektisk år for teknisk etat med ein del prosjekt i tillegg til ordinært vedlikehald og dagleg drift.

Driftsoppgåver i 2016 har vore:

- Selje Mo alderspensjonat
- Byrja arbeidet med skiltplan
- Trafikksikringsplan
- Etterbruk av nedlagde alderspensjonat
- Bruk av vedlikehaldsplan for kommunal bygningsmasse i arbeidsplanar
- Oppussing av kommunale utleigebustader
- Utbetring av driftsovervaking på VA
- Reinhold - fokus på ambulering av tenesta



*Arbeid med VA-nett i egen regi. Bilete frå omlegging av kloakk.*

## Resultatrapportering mot mål i handlingsprogramperioden 2016

Utfordring og tiltak 2016	Mål	Status 31.12.16
Oppgradering av Høydalsmo vassverk	Ferdig haust 2016, godkjent vassverk	Ein har bora prøvebrønn på ny eigedom, men resultatet var nedslåande med både vassmengde og reinhet på vatnet. Er no i dialog med ny grunneigar for nye forsøk i 2017.
Utføre vedlikehald etter utarbeid vedlikehalds plan. Etter prioritering som følgjer: Tokke skule, aldersbustader Tokke Helsesenter og kommunale bustadar	Ferdig med utarbeid oktober og prioritere innarbeid i vinterhalvåret.	Vedlikehaldsplanen er utarbeidd, og det vart laga arbeidsplan for 2016 basert på vedlikehaldsplanen.
Vedlikehald og oppgradering av grøfter/stikkrenner	Sesong april til ut oktober/november	Arbeidet har pågått gjennom 2016, og vil fortsetje i 2017.
Energieffektivisering.	Skifte defekt utstyr på Tokkebadet som ikkje vart gjort i 2015.	Ikkje gjort i 2016 på grunn av atterhald av økonomiske midlar.
Finn ny brukar/bruksområde for Lårdal skule		Det har ikkje lukkast å avhende eller finne alternativ bruk av skulen.
Sikre god vasskvalitet for Dalen vassverk	Installere UV-anlegg for å sleppe kloring av vatn ved inntrenging av forureina vatn.	Utført i 2016.
Fortsetje med prøvetaking av Førsvatn med henblikk på godkjenning som resipient for utviding av Hallbjønnsekken reinseanlegg.	Prøvetaking er ferdig seinast 2017.	Arbeidet pågår og er i rute.

Alle tiltak på felles innsatsområde blir handtert som del av den ordinære drifta.

### Avgifter og gebyr

Område	2017	2016	2015	2014	Auke frå 2016 - 2017	Auke frå 2015 - 2016	Auke frå 2014 - 2015
Vassabonnement	1 942	1 815	1 578	1 372	7 %	13 %	13 %
Vassforbruk	15,58	14,57	12,67	11,02	6 %	13 %	13 %
Kloakkabonnement	3 895	3 640	3 165	2 752	7 %	13 %	13 %
Kloakkforbruk	31,21	29,17	25,37	22,06	7 %	13 %	13 %
Renovasjon	2 410	2 410	2 410	2 410	0 %	0 %	0 %
Feiing og tilsyn	666	666	580	514	0 %	13 %	11 %
Slam	2 450	2 365	1 901	1 419	3 %	20 %	25 %

## Nykeltal frå KOSTRA

Teknisk etat nyttar m.a. tilgjengelege KOSTRA-tal som grunnlag for vurdering av utføring av tenestene våre. Utfordringa er å identifisere kommunar som er samanliknbare. For fagområdet til teknisk etat er det naturleg å samanlikne seg med andre Vest-Telemark kommunar, då demografi og geografi er godt samanliknbare.

Kommunen ligg høgt på tal disponerte bustadar. Flyktningssituasjonen i 2015 og 2016 har gjort at kommunen har fått leigd ut mange bustader som elles hadde stått tome. Dette har

ført til husleigeinntekter til teknisk etat som me elles kanskje ikkje ville fått. Teknisk si vurdering av bustadmassa er at det er strategisk av kommunen førebels å sitje med dei bustadane me har, og heller ta ei ny vurdering seinare i forhold til vedlikehaldsplanen og framtidig flyktningssituasjon.

Årsgebyr kommunale avgifter ligg høgast i Vest-Telemark, jf. sjølvkosttala. Det er nå full kostnadsdekning og gebyra må anten setjast ned eller liggje i ro nokre år framover.

Område	0833 Tokke	0828 Seljord	0829 Kviteseid	0830 Nissedal	0831 Fyresdal	0834 Vinje
Kommunalt disponera bustader per 1000 innb.	35	25	21	22	39	28
Årsverk i brann- og ulykkesvern pr. 1000 innb.	0,57	0,57	0,57	0,57	0,57	0,57
Årsgebyr for vassforsyning (gjeld rapporteringsåret+1), eks.mva	3272	4 667	3 546	4 300	3 308	2 391
Årsgebyr for avløpstenesta (gjeld rapporteringsåret+1)	6557	4 967	5 002	3 405	6 184	3 631
Årsgebyr for avfallstenesta (gjeld rapporteringsåret+1)	2410	2 367	2 407	2 323	2 397	2 480
Bto. dr.utgifter i kr pr. km kommunal veg og gate	82 277	86 309	113 327	71 115	74 417	112 709

**Vedlegg 1:**

Utvalde nykeltal, kommunar							EKG03	EKA08	EAK
	0833	0828	0829	0830	0831	0834	Kostragru	EKA08	EAK
	Tokke	Seljord	Kviteseid	Nissedal	Fyresdal	Vinje	ppe 03	Telemark	Landet
	2016	2016	2016	2016	2016	2016	2016	2016	2016
Finansielle nykeltal									
Brutto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter, konsern	1,6	1	0,9	4,1	0	3,7	3,9	2,3	3,7
Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter, konsern	4,8	1,8	2,9	4,4	4	6,7	3,8	3,7	4
Frie inntekter i kroner per innbygger, konsern	62705	60394	61667	65931	68341	60896	60166	51985	53159
Langsiktig gjeld i prosent av brutto driftsinntekter, konsern	197,7	208,8	162,6	212,5	172,5	204,2	226,8	217,4	212
Arbeidskapital ex. premieavik i prosent av brutto driftsinntekter, konsern	13,5	8,2	4,8	23,6	10,7	22,8	22	16,1	18,1
Netto lånegjeld i kroner per innbygger, konsern	55404	71478	30914	85891	23431	104256	82854	68248	62704
Prioritering									
Netto driftsutgifter per innbygger 1-5 år i kroner, barnehager, konsern	216798	153698	135673	186317	117000	168765	145230	138243	138739
Netto driftsutgifter grunnskolesektor (202, 215, 222, 223), per innbygger, konsern	17272	14117	12529	18155	21507	18848	15578	12652	12632
Netto driftsutgifter pr. innbygger i kroner, kommunehelsetjenesten, konsern	6502	3673	5557	4547	4243	6852	4179	2715	2507
Netto driftsutgifter pr. innbygger i kroner, pleie- og omsorgstjenesten, konsern	28846	22148	22229	28961	27826	30750	22100	19675	16564
Netto driftsutgifter til sosialtjenesten pr. innbygger 20-66 år, konsern	2579	3183	2761	4121	11097	2546	2907	4691	3907
Netto driftsutgifter per innbygger 0-17 år, barnevernstjenesten, konsern	6128	9209	11423	7780	7805	6974	10891	10072	8895
Netto driftsutgifter, administrasjon og styring, i kr. pr. innb., konsern	10741	7545	6905	8728	11796	8364	7542	4360	4138
Dekningsgrad									
Andel barn 1-5 år med barnehageplass	90,4	89,9	85,6	90,2	93,2	91,3	89,8	91,7	91
Andel elever i grunnskolen som får spesialundervisning	5,5	6,6	8,5	7,3	9,5	6,2	9,7	8	7,8
Legeårsverk pr 10 000 innbyggere, kommunehelsetjenesten	17,1	15,8	16,4	20,1	22,6	16,8	14,5	11,5	10,6
Fysioterapiårsverk pr 10 000 innbyggere, kommunehelsetjenesten	18	10,1	8,2	12,2	14,3	15,3	10,6	9,2	9
Andel plasser i enerom i pleie- og omsorgsinstitusjoner	100	100	100	100	100	100	94,4	97	95,3
Andel innbyggere 80 år og over som er beboere på institusjon	16,8	11,7	17,6	20,5	20,6	10,6	14,9	11,5	13,3
Andelen sosialhjelpsmottakere i alderen 20-66 år, av innbyggerne 20-66 år	2,2	4,5	3,2	3,7	4	2,3	:	:	4,1
Andel barn med barnevernstiltak ift. innbyggere 0-17 år	4	5,6	5,6	5,6	5,3	4,6	:	6,3	4,9
Syssel-, gangveier/turstier mv. m/kom. driftsansvar per 10 000 innb.	898	13	8	7	0	13	184	25	39
Kommunalt disponerte boliger per 1000 innbyggere	35	25	21	22	39	28	28	26	20
Årsverk i brann- og ulykkesvern pr. 1000 innbyggere	0,57	0,57	0,57	0,57	0,57	0,57	..	0,89	0,69
Produktivitet/enhetskostnader									
Korrigerte brutto driftsutgifter i kroner per barn i kommunal barnehage, konsern	273713	197790	191360	232213	153783	212905	191822	192869	191557
Korrigerte brutto driftsutg. til grunnskole, skolelokaler og -skysst (202, 222, 223), per elev	148195	128647	130331	171016	160543	170220	138691	118900	112155
Gjennomsnittlig gruppestørrelse, 8.-10. årstrinn	9,3	12	7,9	6,8	11	8,8	10,9	13,7	14,3
Korrigerte brutto driftsutg pr. mottaker av hjemmetjenester (i kroner), konsern	218064	229582	252235	301590	252359	225935	219472	264976	245496
Korrigerte brutto driftsutgifter, institusjon, pr. kommunal plass, konsern	1083543	1175393	748150	1185095	1243700	1459026	1121665	1127951	1108090
Årsgebyr for vannforsyning - ekskl. mva. (gjelder rapporteringsåret+1)	3272	4667	3456	4300	3308	2391	3536	3598	3387
Årsgebyr for avløpstjenesten - ekskl. mva. (gjelder rapporteringsåret+1)	6557	4967	5002	3405	6184	3631	3618	4908	3779
Årsgebyr for avfallstjenesten - ekskl. mva. (gjelder rapporteringsåret+1)	2410	2367	2407	2323	2397	2480	2925	2674	2658
Gjennomsnittlig saksbeh.tid for private forslag til detaljreg. Kalenderdager	46	..	..	126	..	287	..	..	..
Gj.snittlig saksbehandlingstid for opprettelse av grunneiendom. Kalenderdager	10	57	75	68	5	..	..	..	..
Bto. dr.utg. i kr pr. km kommunal vei og gate, konsern	82277	86309	113327	71115	74417	112709	93593	116257	141875
Lovanvendelse									
Andel søknader om motorferdsel i utmark innvilget.	96	98	92	93	95	97	96	96	95